



Tilleggsinnkalling av Kommunestyret

Møtedato: 22.06.2017
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 14:45 - 19:00

Kommunestyret startar med mat i Bakeriet.

Det vert generalforsamling i Einekavane AS og Masfjordbygg AS før sjølve kommeunstyre startar.
Det vert sendt ut eigen innkalling til desse generalforsamlingaen

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072
eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Tilleggssaksliste:

045/2017 2. gangs handsaming av reguleringsplan for Skjelsundet naustområde

19. juni 2017

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	Gbnr - 5/70	16/899

Saknr	Utval	Type	Dato
057/2017	Formannskapet	PS	13.06.2017
045/2017	Kommunestyret	PS	22.06.2017

2. gangs handsaming av reguleringsplan for Skjelsundet naustområde

32T

Journalposttittel	Dato
Fcreseegner 26.01.2017	31.01.2017
Planomtale_Skjelsundet 26.01.2016	31.01.2017
Reguleringsplan, 26.01.2017	31.01.2017
Uttale - Offentleg ettersyn - Reguleringsplan for Skjelsundet naustområde	20.03.2017
Merknad Reguleringsplan Skjelsundet naustområde - Offentleg ettersyn	20.04.2017
Offentleg ettersyn - Masfjorden - Gnr 5 bnr 70 m fl - Skjelsundet naustområde - Detaljregulering	20.04.2017
Høringsuttalelse	24.04.2017
resultset_91_473_vedlegg1.jpg	24.04.2017
resultset_91_473_vedlegg2.jpg	24.04.2017
resultset_91_473_vedlegg3.jpg	24.04.2017
resultset_91_473_vedlegg4.doc	24.04.2017
Høringsuttalelse	25.04.2017
resultset_91_475_vedlegg1.pdf	25.04.2017
Fråsegn til offentlig ettersyn - reguleringsplan for Skjelsundet naustområde - Masfjorden kommune.pdf	26.04.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til reguleringsplan for Skjelsundet naustområde vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vart vist til planmaterieell dagsett 26.01.2017 .

Saksopplysningar:


Bakgrunn og fakta:

Formannskapet gjorde vedtak den 09.02.2017, sak 013/2017 om å senda reguleringsplan for Skjelsundet naustområde ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10.

Det vart vist til planmaterieil dagsett 26.01.2017 . Det vert vist til utdrag frå saka nedunder, sjå kursivskrift:

«Bakgrunn og fakta

Føretaket ABO Plan & Arkitektur har i brev motteke 31.01.2017 sendt over framlegg til reguleringsplan for Skjelsundet naustområde til 1. gangs handsaming. Reguleringsplanen har fått plan-id 1266 – 20160003. Planen legg til rette for 9 nye naust innanfor planområdet, i tillegg til eksisterande naust og frådelt nausttomter, totalt 29 nausttomter. Det er og gjort justeringar i plasseringa av nokre av dei tidlegera reguleerte nausttomtene. Nedunder er illustrasjon som viser hovudelementa i planen:



Figur 16 Illustrasjon av planlagt utbygging. Viser både ferdig utbygde naust og nye tiltak planen opnar for.

Maksimal storleik for dei nye nausta er sett til BYA (bebygd areal) til 40 m², og maksimal mønehøgd er sett til 5,5, meter frå gjennomsnitteleg planert terreng. Etablerte naust innanfor området er regulert i medhald til tidlegare reguleringsplan frå 2005. Vidare legg planframlegget opp til at storleiken på tidlegare innregulert båthus/ servicehus kan auka frå 120 m² til 180 m² BYA. Maksimal mønehøgd er her sett til 11,5 meter. Dette bygget er tenkt nytta til båtføremål i 1. etasje og til felles forsamlingslokale i 2. etasje.

I sjøen vert det lagt til rette for kai og for to flytebyggjer med uteliggjarar med plass til 39 småbåtar. Utvidinga av småbåthamna skjer innanfor tidlegare regulert område til friområde/ småbåthamn. Det vert lagt til rette for 30 parkeringsplassar inannfor området og justering av båtopptrekket, for å sikra betre vinkel i høve til bruken av denne. Vidare er det krav om eigen miljøplan for å sikre miljøvenleg drift og vedlikehald av småbåthamna. Denne skal godkjennast av kommunen før småbåthamna kan utvidast. Det vert vist til vedlagde planskildring med reguleringskart og føresegner.

Vurdering

Administrasjonen har vurdert planframlegget og meiner at det er eit god gjennomtenkt framlegg som

no ligg føre. Planskildringa drøftar alle viktige tema som vert berørt, og administrasjonen meiner at planen ikkje kjem i konflikt med ålmenne interesser eller andre omsyn plan- og bygningslova skal ivareta. ROS- analysen er basert på kommunen sine eigne akseptkriterier, og ein har ingen merknad til denne.

Konklusjon Rådmannen rår til at framlegg til reguleringsplan for Skjelsundet naustområde vert sendt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10. «

Planframlegget låg ute til offentleg ettersyn frå 10.03.2017 – 25.04.2017. Til høyringa kom det inn 2 private merknader og 4 offentlege fråsegner. Under følgjer referat av merknadane og administrasjonen sine vurderingar til desse merknadane kjem deretter vist i kursivskrift. Alle merknader er vedlagd saka. Planleggjar ABO & Plan og Arkitektur har på vegne av utbyggjar i eige skriv dagsett 11.05.2017 sendt inn sine vurderingar til alle merknadane. Dette brevet vert og vedlagt saka.

1. Brev frå Ivar Duesund dagsett 07.04.2017, som skriv følgjande:

- a) Han viser til vedtatt plan der grunneigarane av Notholmen ikkje vart varsla. Det vert reagert på at plangrensa går heilt i tanga på Notholmen i sør og kjem inn på Notholmen sitt område vidare nordover. Vidare meiner han at det er naturleg at grensa mellom naustområdet og Notholmen går etter midtlinja mellom gnr. 5 og gnr. 14, og ber om at grensene for reguleringsplanen vert justert mellom Risnes og Hosteland.
- b) Med fleire naust og båthus vil ein få sterk fortetting av området skriv han. Båthuset/forsamlingshuset vil få ei høgde 3,5-4 m over vegbana og vert etter hans vurdering svært dominerande, og vil vere synleg frå utsida av Skjelsundet (Herøyosen). Kommuneplanens føresegner seier at mønehøgda skal vere under 5 m over terreng.
- c) Han peikar på at sørlege flytebrygger ser ut til å komme mellom 40-50 m ut frå land og vil kome inn på Hosteland sitt område, og at oringane for denne bryggja vil kome utanfor planområdet og heilt i land på Notholmen. På sjøkart er seglingsleia teikna inn på vestsida av Notholmen peikar han på.
- d) Det vert vist til at Notholmen har fått namn etter tidlegare tider der ein drog nøtene på land og la dei til tørk på svaberga mot aust. Han opplyser at i vika der naustområde ligg var det tidlegare oppvekstområde for flyndre og ål, og at tilstanden er usikker i dag, og at på vestsida av Notholmen er det god fiskeplass etter lyr, kvitting og torsk. Med utlegg av flytebrygger og moringar vil det vere uråd å fiske i området skriv han.

Han legg ved tre kartvedlegg som viser påteikna midtline mellom gardane Risnes og Hosteland

Administrasjonen vil peike på at planprosessen er gjennomført etter reglane gjeve i plan- og bygningslova sin § 12-10, og at arealbruken i sjø er avklart i kommuneplanen sin arealdel. Ein vil og visa til at plangrensa følgjer same grense som tidlegare godkjent reguleringsplan for området. Etter administrasjonen si vurdering må eventuelle drøftingar knytt til eigedomsrett i sjø verta drøfta privatrettsleg. Dei nye nausta som no vert regulert på vestsida av eksisterande naustrekke får lågare mønehøgde enn eksisterande naust, og dei vert etter administrasjonen si vurdering svært lite synlege frå Notaholmen. Forsamlingshuset vil liggja tilbaketrekt i høve til strandsona. Ein kan heller ikkje sjå at reguleringsendringane som her ligg føre vil gje spesielt negative verknader for fiske eller for

ferdselen i området. Ein rår difor til at planframlegget som har vore på høyring ikkje vert endra på grunn av denne merknaden.

2. Brev frå Willy Borge dagsett 07.04.2017, som skriv følgjande:

« Behov for en liten landingsbrygge for småbåter midt foran de 5 ferdige nøstene mellom flytebryggene. Dette pga at det blir mye lettere for transport av fiskeutstyr som garn, krabbeteiner etc og eks ved bytte av påhengsmotor etc ved evt problemer på småbåter da en slipper å bære dette på de lange flytebryggene. Kort avstand opp på land. Dette er vanlig på mange havneanlegg langs kysten.»

Administrasjonen har vurdert planframlegget slik det ligg føre, og meiner at behovet for ei mindre landingsbrygge kan dekkast innanfor dei rammene reguleringsplanen gjev, sidan reguleringsføremålet i deler av området er kai og småbåthamn utanfor i sjø.

3. Brev frå Hordaland fylkeskommune dagsett 24.04.2017, som skriv om reguleringsplanen og til interesser knytt til landskap, friluftsliv og strandsone og kulturminne. Dei kjem med framlegg om at tal båt plassar vert avgrensa i planframlegget, og at den vert redusert på grunn av mogeleg konflikt med ferdsel i sundet. Vidare rår fylkeskommunen til at utbyggingsomfanget vert redusert, og viser til slutt til kulturminnelova og dei reglar som gjeld dersom noko skulle verta oppdaga under utbygginga.

Administrasjonen er samd med vurderinga som er gjort av utbyggjar om at det ikkje er naudsynt å avgrensa talet på båt plassar, sidan arealavgrensinga til småbåthamna vil ivareta dette på ein tilfredstillande måte. Ein meiner at planframlegget ivaretek landskapsverdiane og at planendinga berre i mindre grad vil endre landskapsopplevinga frå Skjelsundet. Vidare vil ein vise til at føresegnene til planen i punkt 4.1. vil sikra av vegetasjonen vert teken vare på i området for friluftsføremål, og at dette vilkår vil medføra avgrensa innsyn til dei nye naustene som er regulert inn. Ein rår difor til at planframlegget som har vore på høyring ikkje vert endra på grunn av denne merknaden.

4. Brev frå Statens Vegvesen dagsett 20.03.2017, som skriv at området grensar til og har tilkomst til offentleg veg via kommunal veg på staden, og at trafikktryggleik og effektiv ferdsle på denne vegen må ivaretakast av Masfjorden kommune. Kryss på Fv 570 om lag 1,5 km mot nord vert på noverande tidspunkt vurdert til å kunne handtere den auka trafikken som naustområdet vil kunne skape i framtida.

Administrasjonen rår til at planframlegget som har vore på høyring ikkje vert endra på grunn av denne merknaden.

5. Brev frå BKK Nett AS dagsett 19.04.2017, som skriv at dei ønskjer i tillegg til tidlegare sendt merknad til oppstartsmelding, at det må takast spesielt omsyn til eksisterande sjøkabel med tanke på ankring av båtar, brygger m.v.

Administrasjonen rår til at planframlegget som har vore på høyring ikkje vert endra på grunn av denne merknaden, og vil visa til kabelen ligg i Skjelsundet i regulert ferdselsområde og at denne er merka med skilt på landsida. Ein rår til at planframlegget som har vore på høyring ikkje vert endra på grunn av denne merknaden.

6. Brev frå Fylkesmannen i Hordaland dagsett 19.04.2017, som skriv at naustområdet er vorte utvida og friområdet er vorte mindre, og rår til at naustområdet vert redusert i sør for å unngå å gjera inngrep i den øvste delen av haugen mot Skjelsundet. Slik kan ein sikra den grønne bufferen mot sjø og ferdselsleia får verka etter intensjonen i tidlegare planarbeid. Vidare meiner fylkesmannen at arealet til småbåthamna er stort, og at planen ikkje viser kor flytebrygger skal

plasserast eller kor mange flytebrygger. Det er ikkje gitt tal på båtplassar i føresegnene. Dette gjev lita styring med arealbruken i området meiner fylkesmannen. For å sikre ferdselsinteressene bør det difor setjast tal på båtplassar og plassering av flytebrygger bør visast på plankartet. Ferdsel på innsida av Notholmen bør sikrast i planen skriv fylkesmannen til slutt.

Administrasjonen meiner at utvidinga av naustområde vil gje ei god utnytting av arealet, og at planframlegget til omsyn til landskapet på ein tilfredstillande måte. Dei nye nausta vil verta lite eksponert frå Skjelsundet. Arealbruken i sjø er ikkje endra i høve til tidlegare godkjent plan, og føremålsgrrensa mot ferdselsområdet er ivareteke ved å vidareføre denne. Den planlagde småbåthamna må sikrast intern god tilkomst for alle brukarane innanfor området, og dette kan styrast av dei private som heldt til innanfor planområdet. Føresegn 1.2.1 set krav om ein miljøplan som skal sikra forsvarleg drift og vedlikehald av småbåthamna. Denne skal også godkjennast av Masfjorden kommune før småbåthamna kan utvidast med nye båtplassar. Ein rår difor til at planframlegget som har vore på høyring ikkje vert endra på grunn av fråsegna frå fylkesmannen.

Vurdering

Rådmannen viser til vurderingane som er gjort ovanfor, og rår til at reguleringsplanen vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

Konklusjon

Rådmannen viser til vurderingane som er gjort ovanfor, og rår til at reguleringsplanen vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12. Det vert vist til planmaterieell dagsett 26.01.2017

Formannskapet - 057/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Framlegg til reguleringsplan for Skjelsundet naustområde vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12.

Det vart vist til planmaterieell dagsett 26.01.2017 .

MASFJORDEN KOMMUNE

**DETALJREGULERING -
REGULERINGSFØRESEGNER FOR:
jf. plan- og bygningslovens (pbl) § 12-7**

SKJELSUNDET NAUSTOMRÅDE

Saknr.

Nasjonal arealplanID 1266_ 126620160003

Vedtatt: @.@.@.@.@

Sist revidert: 26.01.2017

Desse reguleringsføresegnene gjeld for område vist med reguleringsgrense på plankart i mål 1:1000, datert 26.01.2017

Området er regulert til følgjande formål:

Bygningar og anlegg

(Pbl. § 12-5 nr. 1)

- Uthus/naust/badehus (BUN)
- Andre særskilt angitte bygningar og anlegg (BAS)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

(Pbl. § 12-5 nr. 2)

- Veg (SV)
- Annan veggrunn – grøntareal (SVG)
- Kai (SK)

Landbruks-, natur- og friluftsområde

(Pbl. § 12-5 nr. 5)

- Friluftformål (LF)

Bruk og vern av sjø og vassdrag

(Pbl. § 12-5 nr. 6)

- Ferdsel (VFE)
- Småbåthamn (VS)

Omsynssoner

(Pbl. §12-6 jf. 11-8a)

Sikrings-, støy og faresoner (Pbl. §11-8 a)

- Frisiktsone

§ 1.
FELLES FØRESEGNER

1.1 Generelt

- 1.1.1 Saman med rammesøknad/søknad om løyve til tiltak etter pbl. § 20 - 1 skal det sendast inn situasjonsplan som viser plassering av tiltak, kotenivå for planering. Murar, skjerings- og skråningsutslag skal visast på situasjonsplanen.
- 1.1.2 Straum, telefon- og fiberkablar skal leggst i jord, og skal samordnast med andre tekniske anlegg.
- 1.1.3 Naudsynte tekniske installasjonar som el. koplingsskap, nettstasjon, VA- anlegg etc. kan først opp/ leggst innanfor byggeområda eller formålet annan veggrunn – grøntareal og grøntstruktur etter avtale med Masfjorden kommune.

1.2 Rekkjefølgjekrav

- 1.2.1 Før småbåthamna (VS) kan utvidast for fleire båtplassar må det utarbeidast ein miljøplan som dokumenterer miljøforsvarleg drift og vedlikehald av småbåthamna. Miljøplanen skal godkjennast av Masfjorden kommunen.

§ 2.
EIGARFORM

1.3 Offentleg formål

- 1.3.1 Annan veggrunn grøntareal merka o_SVG skal vere offentleg.

§ 3.
BYGNINGAR OG ANLEGG
(pbl § 12-5 nr.1)

2.1 Uthus/naust/badehus (BUN)

- 2.1.1 I område BUN kan det oppførast 29 naust. Eksisterande naust på gnr. 5 bnr. 40, 41, 42, 43 og 44 kan oppførast med inntil 50 m² BYA. Andre naust kan oppførast med inntil 40 m² BYA
- 2.1.2 Maksimal mønehøgde for naust er påført plankart og skal ikkje overstige følgjande maksimale byggehøgder målt frå gjennomsnittleg planert terreng:
- 7,5 meter for gnr. 5 bnr. 40, 41, 42, 43 og 44
 - 5,5 meter for andre naust.
- 2.1.3 Nausta skal nyttast til oppbevaring av reiskapar, utstyr, båtar og anna og skal ikkje innreiast for varig opphald.
- 2.2 Andre særskilt angitte bygningar og anlegg (BAS)**
- 2.2.1 I område kan det oppførast båthus/forsamlingslokale på inntil 180 m² BYA.
- 2.2.2 Maksimal mønehøgde for båthus/forsamlingslokale er påført plankart og skal ikkje overstige 11,5 meter frå gjennomsnittleg planert terreng. Bygget kan oppførast i to etasjar med høg fyrsteetasje for vedlikehald og oppbevaring av båtar. Det kan innreiast til forsamlingslokale i 2. etasje. Det kan etablerast sanitæranlegg i bygget.

§ 4.

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(pbl § 12-5 nr. 2)

3.1 Annan veggrunn – grøntareal

- 3.1.1 Annan veggrunn grøntareal skal vere eit grønt sideareal til veg og nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, murar og grøfter m.m. Det kan innanfor arealet plasserast veglys, nettstasjonar, rekkverk, og annan infrastruktur som er ein naturleg del av veganlegget.
- 3.1.2 Det kan innanfor annan veggrunn grøntareal leggest til rette for tilkomst frå veg (SV) til planlagt forsamlingslokale i f_BAS, samt etablerast HC- parkering.

3.2 Kai (SK)

- 3.2.1 Det kan innanfor område SK gjennomførast utfylling i sjø, etablering av båtopptrekk og opparbeidast kai.
- 3.2.2 Det kan innanfor område SK, føresegningsområde #1 etablerast bygg for service og utsal av drivstoff. Bygget skal ikkje overstige 20 m² BYA. Maksimal mønehøgde for bygget skal ikkje overstige 5 meter frå gjennomsnittleg planert terreng.

§ 5.

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE

(pbl § 12-5 nr. 5)

4.1 Friluftsmål

- 4.1.1 Området skal vera allment tilgjengeleg for friluftsmål. Det kan ikkje gjerast tiltak i område som vil vere til hinder for allmenta sin bruk av området. Eksisterande vegetasjon i området kan ikkje fjernast.

§6

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

5.1 Ferdsel (VFE)

- 5.1.1 Området skal nyttast til ferdselsområde i sjø. Det skal ikkje gjerast tiltak i området som vil vere til hinder for allmenta sin bruk av området.

5.2 Småbåthamn (VS)

- 5.2.1 Området skal nyttast til småbåthamn. Det kan innanfor området etablerast flytebrygger med utliggarar og leggest til rette for fortøying og ankring av båtar.

§ 7.

OMSYNSSONER

(pbl § 12-6 jf. 11-8)

6.1 Sikringsone, – frisikt, H140

- 6.1.1 I frisiktsona skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 m over tilstøytande vegars plan. I frisiktsonene er det forbod mot fyllingar, bygningsmessige arbeid og planting o.a. som er til hinder for frisikt i ei høgd av 0,5 m over vegplanet.

§ 8.

FØRESEGNESOMRÅDE

(Kart- og planforskrifta)

7.1 Føresegningsområde

- 7.1.1 Det kan innanfor føresegningsområde #1 etablerast bygg for service og utsal av drivstoff jf. §3.3.2.
- 7.1.2 Det kan innanfor føresegningsområde #2 etablerast HC- parkering i tilknytning til forsamlingslokale i område SK jf. § 3.3.2.

**Føresegnene er i samsvar med
kommunestyrets vedtak...**

seksjonsleiar

www.abo-ark.no
post@abo-ark.no

Avdeling Os

Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70

Avdeling Stord

Borggata 11
PB. 32, 5401 Stord
Tlf: 906 61 631

Masfjorden kommune
SKJELSUNDET NAUSTOMRÅDE, GNR. 5 BNR. 70 mfl.
Plan-id 1266_20160003



Dato: 26.01.2017

Tiltakshavar: Skjelsundet utvikling AS

Innhold

1	BAKGRUNN OG FORMÅL	3
2	NØKKELOPPLYSNINGAR.....	3
3	MEDVERKNAD OG PROSESS.....	3
4	LOKALISERING OG AVGRENSING	5
5	PLANSTATUS OG FØRINGAR.....	5
6	SKILDRING AV PLANOMRÅDET (DAGENS SITUASJON).....	10
7	SKILDRING AV PLANFORSLAGET	17
8	KONSEKVENSAAR AV PLANFORSLAGET	21
9	MERKNADER	37
10	VEDLEGG	41

1 Bakgrunn og formål

I kommuneplanen til Masfjorden kommune står det at «*Nær tilkomst til båt og sjø utan bruk av anna transportmiddel er eit viktig verkemiddel for å oppnå gode leve- og oppvekstvilkår for innbyggjarane, ei god folkehelse og eit betre miljø.*». Skjelsundet naustområde er kjøpt av lokale innbyggjarar med tanke på å legge til rette for at fleire av bebuarane i området kring Skjelsundet skal få høve til å ha naust i tråd med kommunens målsetting for gode oppvekst- og leveveilkår. Eigarane ynskjer i tillegg å etablere eit felles forsamlingslokale for bygda. Dette er eit tilbod som ikkje finnes i bygda i dag.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for 9 nye naust innanfor eksisterande naustområde som er regulert for 20 naust (Skjelsundet naustområde frå 15.12.2005) I tillegg ønskjer ein å auka storleik på regulert båthus/forsamlingslokale, justere båtopptrekket, etablere ny kai og utvide regulert småbåthamn. Det er også ønskje om mindre justeringar i plasseringa av regulerte naust.

Tiltakshavar for planarbeidet er Skjelsundet utvikling AS. ABO Plan & Arkitektur AS er planfaglig konsulent.

2 Nøkkelopplysningar

Kommune	Masfjorden
Stad	Skjelsundet
Gnr./bnr.	5/70 mfl.
Forslagsstillar	Skjelsundet utvikling AS
Grunneigar (sentrale)	Skjelsundet utvikling AS
Dato plankart	26.01.2016
Dato reguleringsføresegner	26.01.2016
Eksisterande planstatus	Naust, friområde i sjø og friluftsområde
Planområdets areal	19,8 daa
Reguleringsformål (hovudformål)	Naust og småbåthamn
Aktuelle problemstillingar	Strandsone og LNF- område
Varslingsdato (brev)	21.11.2016
Konsekvensutgreiingsplikt (j/n)	Nei
Føreligg det varsel om motsegn (j/n)	Nei


3 Medverknad og prosess

Oppstartsmøte vart gjennomført med Masfjorden kommune 02.11.2016.

Oppstart av planarbeid vart varsla med brev til grunneigarar og offentlege instansar datert 21.11.2016. Oppstartsvarsel vart kunngjort med annonse i avisa Nordhordland 23.11.2016 på www.abo-ark.no og på Masfjorden kommune sin nettportal. Frist for merknader var sett til 23.12.2015. Til varsel om oppstart kom det inn 6 merknader frå offentlege instansar og 1 privat.

**MASFJORDEN KOMMUNE - VARSEL OM OPPSTART AV
REGULERINGSENDRING FOR: SKJELSUNDET NAUSTOMRÅDE
GNR. 5 BNR. 70 M.FL.**

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-14 og 12-8 blir det varslet oppstart av reguleringsendring for Skjelsundet naustområde gnr. 5 bnr. 70 m.fl. i Masfjorden kommune.



Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for 8–10 nye naust innanfor området, auka storleik på regulert båthus/servicebygg, justering av båtopptrekk, etablering av kai og utviding av regulert småbåthamn. Det vert i planarbeidet også gjort mindre justering i plasseringa av regulerte naust.

Tiltakshavar for planarbeidet er Skjelsundet utvikling AS.

Plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS.

Frist for merknader er sett til 23.12.2016.

For nærare informasjon kan spørsmål rettast til:

ABO Plan & Arkitektur AS

v/ Ola Klyve Dalland.

E-post: ola@abo-ark.no

Tlf: 90021198


eller sjå: www.abo-ark.no –

Sjå under meny: Nabovarsler – Reg.planer/Høringar

Figur 1: Avisannonse i avisa Nordhordland 23.11.2016

4 Lokalisering og avgrensing

Området er lokalisert ved Skjelsundet som ligg sørvest for Hostelandsosen. Planområdet følgjer i hovudsak plangrensa for gjeldande plan for Skjelsundet naustområde. Mot vest er grensa endra noko for å sikre frisikt og overgang mot kommunal veg, Areklettvegen.



Figur 2: Planområdet ved varsel om oppstart.

5 Planstatus og føringar

5.1 Rikspolitiske retningslinjer

Statlige planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafiksikkerheit og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikle bærekraftige byar og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.

Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremje utvikling av kompakte byar og tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. I henhold til klimaforliket er det eit mål at veksten i persontransporten i storbyområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange.

Planlegginga skal legge til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i områder med press på bustadmarkedet, med vekt på gode regionale løysingar på tvers av kommunegrensene.

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (27.06.2008)

Formålet med retningslinjene er å tydeliggjere nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen. Retningslinjene utdjuar lova og gjev konkrete statlige føringar for kommunal og fylkeskommunal planlegging. Kommunar skal legge retningslinjene til grunn i den kommunale planlegginga, planbehandlinga

og behandlinga av dispensasjonssøknader. Landet er delt inn i tre hovudområde, kystkommunane i Oslofjordregionen, andre områder der presset på areala er stort og områder med mindre press på areala.

Masfjorden kommune ligg innafør område med mindre press på areala. I områder med mindre press på areala er det gitt større rom for å vurdere utbygging gjennom kommunale planar. Dette gir kommunane utanfor pressområda høve til å inkludera 100-metersbeltet i sine heilskaplege utviklingsstrategiar og vedta planar som inneber utbygging til ulike føremål også i 100-metersbeltet. Under følgjer ei kort oppsummering av relevante retningslinjer som gjeld i område med mindre press:

- utbygging bør så langt som mogleg lokaliserast til område som er utbygd frå før, slik at utbygging skjer mest mogleg konsentrert. Utbygging i urørte område med spesielle friluftsinnteresser, natur- og landskapskvalitetar eller kulturminneinteresser skal unngåast. Til dømes kyst- og fjordlandskap med spesielle kvalitetar.
- Spørsmålet om bygging skal vurderas i forhold til andre allmenne interesser. Det bør ikkje tillatas utbygging i områder som har spesiell verdi i forhold til friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturminner, kulturmiljø og landskap. Forholdet til andre interesser, som for eksempel landbruk, fiske og oppdrett må og vurderast. Der det vert opna for bygging, bør omsynet til andre interesser takast vare på best mogleg.

Rikspolitisk retningslinje for å styrke barn og unges interesse i planlegginga

I ny plandel av plan- og bygningslova frå 1. juli 2009 er krav til verkemiddel for å ivareta barn og unges interesser i planlegginga styrka. Formålet med retningslinjene er at alle etter lova skal ta omsyn til barn og unge i si planlegging, og legge til rette for gode bustadmiljø og gode oppvekst og levekår

Rikspolitisk retningslinjer for universell utforming

I all planlegging skal følgjande etterstrebast:

- Byggeområde planleggast utforma med tilfredsstillande tilkomst til alle bygningar, og med vegar og gangvegar som gir god tilkomst for personar med nedsett funksjonsevne.
- Uteareal, felles uteareal i tilknytning til bustadbygging, uteareal for skular og barnehagar, fellesområde, offentlige område m.m., vert planlagt utforma med tilfredsstillande tilkomst for alle, slik at områda gir aktivitetsmoglegheiter for alle.
- Arbeidsplassar, omsorgstilbod og bustader for grupper med behov for særlig tilrettelegging vert planlagt lokalisert på bakgrunn av samla vurdering av konsekvensar knytt til nytteleg, sosial inkludering, utbyggingsmønster, transport, lokalklima m.m.
- Transportinfrastruktur vert planlagt utforma og tilrettelagt slik at den kan nyttast av alle, i så stor utstrekning som mulig.

Nye og eksisterande friområde og friluftsområde vert planlagt utforma med tilfredsstillande tilkomst for alle, slik at områda er brukbare og gir aktivitetsmoglegheiter for alle.


Regional plan for folkehelse 2014-2025

Eit sentralt punkt i folkehelsesatsinga og for å sikre god helse for framtidige generasjonar, er førebyggjande og helsefremjande innsats retta mot å sikre barn og unge gode oppvekstilhøve. Helsevenleg samfunnsplanlegging og omsynet til «helse i alt vi gjer» er berande element i planen. Universell utforming er og inkludert i planen, då eit godt universelt utforma samfunn gjev det mogleg at alle kan delta på like vilkår, og jamne ut sosiale helseskilnader.

5.2 Kommuneplanens arealdel 2012 - 2024

Planområdet er i kommuneplanen 2012-2024 vist med omrisset «Reguleringsplan som framleis skal gjelde» Planområdet ligg innanfor 100 meters belte mot sjø og areal sett av til funksjonell strandsona. Den funksjonelle strandsona er landområde som står i direkte samspel med sjøen økologisk, topografisk og bruksmessig. Denne sona kan vere både smalare og breiare enn 100-meters beltet etter plan- og bygningslova § 1-8. Ved å definere ei funksjonell strandsona får Masfjorden kommune ei lokalt tilpassa strandsona og ikkje ei statistisk 100-meters grense.


Den funksjonelle strandsona er definert med grunnlag i biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturmiljø, fiske og akvakultur, forureining og bygningar i strandsona.



Figur 3 Utsnitt kommuneplanens arealdel 2012-2024. Planområde vist med raud ring. Nr 2007009 er gjeldande reguleringsplan sin planid.


Reguleringsstatus

Vedtatt plan for Skjelsundet naustområde er frå 2005. Planen regulerer byggeområde for naust, friluftsområde, trafikkareal på land og sjø og friområde i sjø. Planen opnar for oppføring av 20 naust i samla grupper i storleiken 40-50 m² og eit servicebygg på inntil 120 m² og 2 etasjar. I tillegg opnar planen for utlegging av flytebygge på inntil 40 m og etablering av utsal av drivstoff for båt.



Figur 4 Reguleringsplan for Skjelsundet naustområde, 2005.

Reguleringsplan for Skjelsundet naustområde frå 2005 grensar mot nord med reguleringsplan for Skjelsundet bustadfelt, vedtatt i 2010. Planen opnar for oppføring av 12 einestader.



Figur 5 Reguleringsplan for Skjelsundet bustadfelt, 2010.


5.3 Vurdering av om planarbeidet utløyer krav om konsekvensutgreiing.

Planarbeidet gjeld fortetting innanfor eksisterande regulert naustområde og utløyer ikkje krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing 2015.

6 Skildring av planområdet (dagens situasjon)

6.1 Storleik og bruk


Planområdet er på totalt ca. 19,8 daa. Det er i dag oppført 8 naust innanfor planområdet, samt frådelt parsellar til 13 naust. Det er etablert veg frå den kommunale vegen Areklettvegen til området og arealet er i hovudsak utplanert og tilrettelagt med båtopptrekk og mindre utfylling/kaianlegg. Sjøarealet aust for naustområdet vert nytta til småbåthamn, der båtar i dag hovudsakleg ligg festa til land og med utlagde ilar. Skjelsundet vert nytta til småbåttrafikk. Ferdselsområdet i Skjelsundet er avgrensa i høgde av brua som knyt saman fastlandet og Holsøya. Brua har fri høgde på ca. 4 meter.



Figur 6: Illustrasjon som viser dagens situasjon i naustområde.

6.2 Tilgrensande arealbruk

Tilgrensande arealbruk er i hovudsak bustader og kommunal veg Areklettvegen. Det er nord og sør for planområdet oppført bustader. Areklettvegen grensar til planområdets vestlege avgrensing. Langs strandsona nord for planområdet er det etablert landingsbrygger for bustadene i det regulerte feltet. Vest for planområdet er det i Hostelandsosen registrert fiskeplass for passiv reiskap.




Figur 7: Illustrasjon som viser bruk og eigenskapar i omkring liggande arealbruk

6.3 Veg og trafikk

Planområdet har avkjøring frå kommunal veg Areklettvegen. Avkjøringa ligg omlag 0,7 km frå Fv 570 Fensfjordvegen. Fv 570 er registrert med ÅDT på 800 (2015) og andel tungtransport på 8%. Frå Areklettvegen er det etablert avkjøring og veg ned til naustområdet ved Skjelsundet.

6.4 Landskap, vegetasjon

Planområdet er ein del av landskapsområdet rundt Hostelandsosen og Skjelsundet. Dette landskapsrommet er avgrensa av terregnet som omgir Hostelandsosen. Terrenget består primært av svaberg som stig opp i frå osen og går over i vegetasjon med spreidd furuskog. I Skog og landskap sin rapport "*Landskapskartlegging av Hordaland fylke*" ligg planområdet i landskapsregion ytre fjordbygder på Vestlandet og er registrert som eit vanleg førekommande småfjord og storsundlandskap. Terrenget innanfor planområdet er forholdsvis flatt. Frå kommunal veg Areklettvegen er det høgdeskilnad på ca. 8 meter ned til naustområdet. Terrenget i sør heller gradvis frå vest mot aust, og i nord er det ei skjering mot eksisterande einebustad.




Figur 8 Høgdelagskart over planområdet og området rundt.



Figur 9 Skråfoto av Skjelsundet naustområde (gul ring), Skjelsundet og området rundt sett fra søraust (Nordhordlandskart).

Berggrunnen i planområdet er i hovudsak bestående av diorittisk til granittisk gneis. Lausmasedekket er bestående av bart fjell, med stadvis tynt dekke (kjelde: NGU).




Figur 10 Lausmassekart over planområdet. Planområdet består av bart fjell, stadvis tynt dekke. (Kjelde: NGU)

Vegetasjonsbilete i planområdet er ein blanding av spreidd furuskog med innslag av eldre einerbuskar og lyng. Skogen har låg bonitet.



Figur 11: Vegetasjonen i planområdet med fotostandpunkt i Skjelsundet.




Figur 12 Bonitet i og rundt planområdet. (Kjelde: Institutt for skog og landskap)

6.5 Avgrensning av funksjonell strandsone

Avgrensninga av den funksjonell strandsone i kommuneplanen er kartlagd med utgangspunkt i 100-metersbeltet. Ein høgdemodell vart nytta til å sjå på terrenget. I bratte område mot sjø vart funksjonell strandsone flytta nærare sjøen, i område med slak stigning vart grensa flytta opp i frå sjøen. Der køyreveggar låg innanfor 100-metersbeltet var grensa trekt nedafor vegen. I utbygde område vart grensa lagt nedanfor bygg. Grensa er vidare justert slik at det vart teken omsyn til kjerneområde for landbruk, dyrka mark og forvaltningsplan for gås.

Med utgangspunkt i kartlagt funksjonell strandsone er det i kommuneplan for Masfjorden utarbeidd eit verdikart over natur og kulturverdiar. Grunnlag for verdikartet er ulike digitale kart frå direktoratet for naturforvaltning og NVE, kjerneareal for landbruk og digitaliserte lokale kulturminne, kulturmiljø og badeplassar. Med alle laga samla i same kartet vart område verdsette etter skalaen – middels verd (gul), høgt verd (oransje) og særst høgt verd (raud).

Planområdet er ikkje vist med verdisetting, men ligg innanfor funksjonell strandsone. Strandsone innanfor regulert naustområde er planert ut. I regulert friluftsområde i gjeldande plan er strandlina utan inngrep og med naturleg vegetasjon.



Figur 13. Utsnitt av verdikart, planområde lokalisert med blått omriss.

6.6 Naturmangfald


Det er innanfor planområdet eller i nærleiken av planområdet ikkje registrert artar av nasjonal forvaltningsinteresse, utvalde naturtypar, verneområde eller artar oppført på norsk raudliste. Vest for naustområdet er det registrert gytefelt for torsk. Gytefeltet dekker areal frå Brattholmen i Gulen kommune til Matre i Masfjorden kommune.

6.7 Barn og unges bruk av området

Området vert nytta av barn og unge for opphald og leik ved og på sjø i samband med eksisterande naust og båtutfart frå naustområde.

6.8 Friluftsliv

Planområdet ligg innanfor Herøyosen som er registrert som viktig friluftsområde i databasen kart.ivest.no. Området er eit mykje brukt område for båtutfart.



Figur 14 Herøyosen – viktig friluftslivsområde (strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag)


6.9 Kulturminne

Det er innanfor planområdet ikkje registrert automatisk freda kulturminn eller SEFRAK-registrerte bygg.

7 Skildring av planforslaget

7.1 Reguleringsføremål og arealoversikt


Reguleringsføremål	Underføremål	Område	Areal m ²
Bygningar og anlegg	Uthus/naust/badehus	BUN	4 042
	Andre særskilt angitte bygningar og anlegg	BAS	420
Samferdsel og teknisk infrastruktur	Veg	SV	257
	Annan veggrunn - grøntareal	SVG	795
	Kai	SK	600
Landbruks-, natur og friluftsområder	Friluftsføremål	LF	1 966
Bruk og vern av sjø og vassdrag	Ferdsel	VFE	6 007
	Småbåthamn	VS	5 767
SUM			19854



Figur 15: Illustrasjonsplan

7.2 Byggjeføremål (rammer, utnyttingsgrad, byggehøgde)

Planen legg til rette for 9 nye naust innanfor planområdet, i tillegg til eksisterande naust og frådelte nausttomter, totalt 29 nausttomter. Det er også gjort mindre justering i plasseringa av nokre av dei regulerte nausttomtene.




Figur 16 Illustrasjon av planlagt utbygging. Viser både ferdig utbygde naust og nye tiltak planen opnar for.

Maksimal storleik for nye naust er i reguleringsføresegnene sett til $BYA = 40 \text{ m}^2$. Maksimal mønehøgde er sett til 5,5 meter frå gjennomsnittleg planert terreng. Etablerte naust innanfor området er regulert med byggehøgde og utnytting ihht. eksisterande situasjon.

Planforslaget legg til rette for auka storleik på båthus/servicebygg/forsamlingslokale, frå 120 m^2 til 180 m^2 BYA. Maksimal mønehøgde er sett til 11,5 m over gjennomsnittleg planert terreng. Bygget er tenkt nytta til oppbevaring og vedlikehald av båtar i første etasje og eit felles forsamlingslokale for bygda i 2. etasje.

Auken i storleiken på naustet har si bakgrunn i at det no vert lagt til rette for fleire naust og utvida småbåthamn og med det trong for meir areal til å kunne drive vedlikehald av båtar. I tillegg er det ynskjeleg å få etablert eit forsamlingslokale i bygda som er stort nok til å kunne samle lokalbefolkninga til ulike arrangement. Det er ikkje forsamlingslokale i bygda får før.

Båthus/servicebygg/forsamlingslokale skal plasserast på allereie utsprengt og planert tomt og vert liggande i bakkant av eksisterande naustrekke. Forsamlingslokale i 2. etasje vil få tilkomst direkte frå Areklettvegen. Tillat bruk av bygget er omtalt i føresegnene.



Figur 17 Naustområde sett frå vest.

I sjø vert det lagt til rette for to flytebrygger med utliggjarar for småbåtar med plass til 39 båtar. Utvidinga av småbåthamna skjer innanfor tidlegare regulert område for friområde/småbåthamn. I tillegg er det planlagt for etablering av kai i tilknytning til småbåthamna. Nord for båtopptrekket er kaien dimensjonert for å kunne løfte opp båtar med kranbil.

Det er gjort ei justering av vinkelen på båtopptrekket. Dagens båtopptrekk er utforma med ein vinkel som gjer at opptrekket ikkje fungerer tilfredstillande. Båtopptrekket er difor retta opp slik det er vist på illustrasjonsplanen. Det er lagt opp eit felles båtopptrekk som alle nausteigarane kan nytte. Båtar som skal lagrast i nausta vert teken opp på hengar og rygga inn i nausta frå baksida. Dørene på nausta vendar difor ikkje mot sjøen, men inn mot parkeringsarealet.

7.3 Veg

Tilkomst til planområdet skjer via eksisterande avkjøring og veg frå den kommunale Areklettvegen. Den interne vegen er regulert med tverrprofil på 4 meter, i samsvar med eksisterande veg. Det er i avkjøring til kommunal veg regulert frisiktsone på 4x54m både mot nord og sør.

7.4 Parkering

Det er i føresegnene til kommuneplanens arealdel krav om minimum 1 parkeringsplass per nausteining. Det er i planforslaget lagt til rette for 30 parkeringsplassar fordelt på 20 naust. Ein har derfor 1,5 plass pr. naust, og oppfyller kravet. Overskytande parkeringsplassar vil nyttast av båteigarar i småbåtanlegget og besøkande til området.

7.5 Frisiktsone


Det er i plankartet regulert frisiktsoner på 4x54 m ved avkjøring. I frisiktsona skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 m over tilstøytande vegars plan. I frisiktsonene er det forbod mot fyllingar, bygningsmessige arbeid og planting o.a. som er til hinder for frisikt i ei høgd av 0,5 m over vegplanet.

7.6 Grøntstruktur

Det regulerte friluftsområdet i gjeldande plan har same utstrekning langs strandkanten , men det er gjort ei justering i avgrensinga mot naustområde for å gje rom for nye naust. Delar av friluftsområde vert difor noko smalare enn i gjeldande plan, men vil framleis fungerer som ein landskapsmessig buffer mot Skjelsundet. Det er sett krav i føresegnene om at eksisterande vegetasjon i friluftsområdet ikkje kan fjernast.



Figur 18 Dagens situasjon vest for naustområdet.



Figur 19 Illustrasjon frå vest der planlagt fortetting er vist.

8 Konsekvensar av planforslaget

8.1 Gjeldande planar


Arealbruken er i samsvar med kommuneplanens arealdel, der område er sett av til småbåthamn. Arealbruken er den same som i vedtatt plan for området, med naustområde og friluftsområde i tillegg til småbåtanlegg, men for å gje rom for ei ny naustrekke er det gjort ei mindre utviding av byggeområde for naust mot sør, i bakkant av regulert friluftsområde.

Planlagt utbygging er i tråd med nasjonale og regionale føringar for utbygging i strandsona. I statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen står det at utbygging så langt som mogleg bør lokaliserast til område som er utbygd frå før, slik at utbygging skjer mest mogleg konsentrert.

Planforslaget er ei fortetting innanfor eksisterande naustområde og i tråd med desse retningslinene. I tillegg er alle dei nye nausttomtene lokalisert i bakkant av tidlegare godkjente nausttomter og ikkje langs strandkanten. Antall meter utbygd strandsone aukar difor ikkje i forhold til vedtatt plan.

8.2 Tilhøvet til naboar, landskap og fjernverknad


Det ligg to einbustader nord for planområdet. Desse ligg mykje høgare i terrenget enn naustområde og vert ikkje påverka i form av tap av utsikt eller reduserte soltilhøve. Området eksponerer seg ikkje mot andre bustader.



Figur 20 Snitt A går gjennom eksisterande naust sett frå sørvest. Snittet viser høgdeforskjellen mellom den næraste einbustaden og naustområde.

Naustområdet ligg om lag 8-9 meter lågare i terrenget enn Areklettvegen og eksponerer seg ikkje mot vegen. Bygget er plassert i bakkant av eksisterande naustrekke, inn mot vegen og etablert fjellskjering. Oppføring av bygget krev ikkje nye terrenginngrep. Som snittet under viser ligg båthuset lågt i terrenget i forhold til Areklettvegen og terrenget bak. Frå sjøen vert bygget i stor grad skjerma av eksisterande naustrekke. Bygget si plassering i forhold til omkring liggande terreng og bygningar gjer difor at det ikkje får store verknader på landskapet.

B



Figur 21 Snitt B går gjennom båthus/forsamlingslokale som viser høydeforskjell mellom vegen og bygget. Tilkomst i 2. etasje er vist direkte fra vegen.

På grunn av høydeforskjellen mellom vegen og planert nivå for bygget kan det etablerast direkte tilkomst i 2. etasje fra tilkomstvegen SV. Denne løysinga gjer det mogleg å legge til rette for universell tilkomst til forsamlingslokale.




Figur 22 Utsnitt som viser båthuset/forsamlingslokale frå sjøsida.




Figur 23 Foto av området det båthus/forsamlingslokale er vist i plankartet.


Som snitt C og D viser vil fjellskjeringa bak dei to nausttrekkene som ligg langs friluftsområde bli skjult bak nausta.



Figur 24 Snitt C viser ny plassering av regulerte nausttomter på gnr. . 5 bnr.54 – 57.



Figur 25 Snitt D viser plassering av ny naustrekke i forhold til eksisterende naustrekke mot sjø.



Figur 26 Snittplan med oversikt over kvar siktlinjene går.

Naustområde har ei skjerma lokalisering som vender bort i frå Skjelsundet. Regulert friområde mellom sundet og naustområde gjer naustområdet lite synleg for dei som ferdast med båt gjennom sundet. Like utanfor naustområdet ligg Notholmen som skjermar område for innsyn frå aust. Fjernverknadane av planlagt utbygging er difor små.



Figur 27 Naustområde har ei skjerma lokalisering som vendar bort i frå sundet (Nordhordlandskart).



Figur 28 Illustrasjon, oversikt over området.

Nærverknadane på landskapet ved å auke talet på naust er avgrensa sett frå sjøen, då nye naust i hovudsak vert skjult bak regulert naustrekke langs strandkanten. Auka volum på båthuset/forsamlingshuset gjer at bygget vert synleg frå sjøen, men eksisterande naustrekke i framkant skuljar mesteparten av bygget. Sett frå sjø er det ny kaifront og flytebrygger som har størst påverknad på landskapet. Der det i reguleringsplanen er vist kai er det i dag fylling i sjø. Lokalt vil landskapet endre seg ved at denne fyllinga vert erstatta med ein kaifront som strekkjer seg 9 meter ut i frå dagens strandline. Kaien er viktig for området sin funksjon som småbåthamn og vil nyttast ved fylling av drivstoff/vatn og som samlingsplass i naustområdet.




Figur 29: Illustrasjon av naustområdet sett frå nordaust.

8.3 Tilhøvet til funksjonell strandsoner

Føremålet med den funksjonelle strandsona er å ivareta strandsoneverdiar knytt til landskap, naturmangfald, landbruk, friluftsliv og kulturminne.

Planområdet er ikkje verdisett i kartleggingsarbeidet som er gjort i samband med fastsetting av funksjonell strandsoner i Masfjorden kommune. Det er ikkje landbruks- eller kulturminneinteresser i området og det er ikkje gjort registreringar av viktige artar eller naturtypar i området.

Det er gjort ei justering mellom byggeområde for naust og friluftsområde. Hovudintensjonen med det regulerte friluftsområde i gjeldande plan var å sikre ein landskapsmessig buffer mellom sundet og naustområde. Dette omsynet er framleis ivaretatt med den justeringa som er gjort i planframlegget.



Figur 30 Perspektiv i frå Skjelsundet. Viser at nye naust bak eksisterande naustrekke i hovudsak vert skjerna av der regulerte friluftsområde.

Utvidinga av naustområde vil ikkje medføre redusert tilgjenge til eller langs sjø. Endringa vil heller ikkje føre til nye større terrenginngrep i form av skjeringar og fyllingar. Området for sjølv utbygginga vil ikkje eksponere seg mot sjø. Som det er gjort greie for tidlegare inneheld ikkje området i seg sjølv spesielle natur- og landskapskvalitetar eller kulturminneinteresse. Friluftsiinteressene vert ikkje svekka som følgje av fortettinga.

Desse vurderingane er samanhalde med dei føringane som ligg i *Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen*, der Masfjorden er plassert i område med mindre press på areala. Her heiter det at utbygging bør så langt som mogleg lokaliserast til område som er utbygd frå før, slik at utbygging skjer mest mogleg konsentrert.

Ei fortetting av naustområdet vert vurdert til å ikkje føra til at intensjonen bak strandsonevernet vert svekka samstundes som byggeområde si plassering er i tråd med Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen.

8.4 Trafikk og teknisk infrastruktur

Planområdet får tilkomst frå kommunal veg Areklettvegen, og eksisterande avkøyring og veg vert nytta. Dei nye nausta vil ikkje føre til særleg auke i ÅDT for Areklettvegen. Mange av nausteigarane er busett i tilgrensande bustadfelt og har gangavstand til naustområdet.

8.5 Kulturminne

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller SEFRAK registrerte bygg innanfor planområdet. Planframlegget får ingen konsekvensar for kulturminneinteressar.

8.6 Barn og unge

Fortetting av eksisterande naustområde vil ikkje føre til meir privatisering av strandsona. Område vil framleis vere tilgjengeleg for allmenta og kunne nyttast av barn og unge på same måte som i dag.

8.7 Vurdering i forhold til naturmangfaldslova

§ 8. (Kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

Vurdering

Det er i Miljødirektoratet sin database Miljøstatus ikkje registrert viktige områder for biologisk mangfold, utvalde naturtypar eller andre viktige artsforekomstar i planområdet. Det er i Artsdatabanken ikkje registrert artar oppført i Norsk Rødliste 2010.

§ 9. (Føre-var-prinsippet)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

Vurdering

Tiltaket er vurdert å ikkje komme i konflikt med viktige områder for biologisk mangfold, utvalte naturtypar eller andre viktige artsforekomstar i planområdet. Det vert vurdert at det ikkje er mangel på kunnskap som tilseier at føre-var-prinsippet skal nyttast.

§ 10. (Økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

Vurdering

Planforslaget medfører utbygging i eit område som delvis er opparbeida og påverka av menneskelege inngrep i form av infrastruktur og byggeområde. Plankart og reguleringsføresegner stiller krav og avgrensar arealbruken innanfor rammene i planforslaget. Planforslaget er vurdert til å ikkje medfører negativ påverknad for områder utanfor planen.

§ 11.(kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

Vurdering

Planforslaget vil ikkje føra til skader på naturmangfoldet som krev avbøtande tiltak eller kostnader for å avgrense skade på naturmangfoldet.

§ 12.(miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

Vurdering

Planforslaget medfører ikkje endring av arealbruken innanfor planområdet.

Det vert vurdert at gjeldande lovverk, kommunal kontroll og tiltakshavars interne kvalitetssystem skal sikre ei forsvarleg gjennomføring av tiltaket i forhold til miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode.

Det er i reguleringsføresegnene stilt krav om utarbeiding av miljøplan for småbåthamna.

8.8 Støy

Planområdet er ikkje støyutsett og vil ikkje føra til auka støy i området.

8.9 Risiko- og sårbarheit

Metode og definisjonar

Risiko kan definerast som: **Risiko = Frekvens x Konsekvens**

Risiko vert knytt til uønska hendingar. Der det vert vurdert at det føreligg ein viss risiko er det ikkje alltid mulig å fastslå verken konsekvens eller sannsynet for at ei hending opptrer. Det blir derfor gjort ei vurdering av forholda i planområdet der ein nyttar tidlegare registreringar og synfaring i planområdet. Analysen vert først gjennomført som ei grovanalyse, der ein vurderer potensiell overordna risiko i planområdet. Ved funn i registreringa som tilseier at ei risiko- og sårbarheitsanalyse bør gjennomførast, vert temaer markert med . Dersom det er tema som peikar seg ut (t.d. skredfare, grunnforhold og støy), vert det vurdert om det er behov for meir spesialisert fagkunnskap. Ved bestilling av tekniske rapportar vert desse nytta som underlagsmateriale til gjennomføring av ros- analysen.

Vurdert konsekvens og sannsyn av ei hending vert plassert inn i ei matrise, der vektning av dei tre kartleggingsområda, menneskes liv og helse, ytre miljø og materielle verdiar/økonomi er gitt. Vektinga vert gitt ved vurdering av dei ulike kartleggingsområda. Dersom registreringa viser at det er nødvendig med avbøtande tiltak, vert det foreslått risikoreducerande og/eller skadeavgrensande element som kan redusere risikoen slik at denne ligg innanfor eit akseptabelt nivå.

Det er ikkje for alle område som vert vurdert i ros- analysen, mogleg å fastslå verken konsekvens eller sannsyn for at hendinga inntreffer. Det kan likevel for desse områda verta påpeikt risiko for å synleggjere at kartleggingsområdet skal visast merksemd i vidare planlegging og utbygging av området. Det vert for dei aller fleste tema som vert vurdert i ros- analysen gitt ein kort kommentar og/eller ei kort beskriving av risikoen. For tema som er mindre aktuelle vert det gitt ein kort kommentar om kvifor temaet ikkje er aktuelt for området. Det vert først gjennomført ei registrering av forholda i planområdet. Dersom det er tema i kartleggingsområdet som utpeikar seg vert desse vidareført til kapittelet om "Aktuell risiko" og hendinga vert ført inn i risikomatrissa med antatt sannsyn og konsekvens.

Konsekvensinndelinga er utleia av "Veiledning om tekniske krav til byggverk". Frekvensinndelinga er utleia av føresegnene i byggt teknisk forskrift og vedtatt av kommunestyret i Masfjorden kommune 09.12.2010. Tabell 1 og 2 viser definisjonar nytta om konsekvens og sannsyn.

SANNSYNN	VEKT	DEFINISJON
Særs sannsynleg	5	Ei hending pr. år eller oftare
Mykje sannsynleg	4	Ei hending pr 1 – 10 år
Sannsynleg	3	Ei hending pr 10 – 100 år
Mindre sannsynleg	2	Ei hending pr 100 – 1000 år
Lite sannsynleg	1	Mindre enn ei hending pr 1000 år

Tabell 1: Klassifisering av sannsyn

KONSEKVENNS	VEKT	LIV OG HELSE	YTRE MILJØ	MATERIELLE VERDIAR
Katastrofalt	5	Meir enn 3 døde, eller 10 alvorleg skadde	Varig større skade på ytre miljø.	Skader for meir enn 60 mill.
Kritisk	4	Inntil 3 døde. Eller fare for inntil 10 alvorleg skadde.	Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø, eller mindre alvorleg skade av stort omfang på ytre miljø	Skader mellom 5 mill – 60 mill
Alvorleg	3	Inntil 4 alvorleg personskader, eller mange mindre personskade, men med sjukefråver. Vesentlege helseplager og ubehag	Store skader på ytre miljø, men som vil utbetrast på sikt.	Skader mellom 500 000 – 5 mill
Ein viss fare	2	Mindre skader som treng medisinsk handsaming ev. kortare sjukefråvær.	Mindre skader på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrast på kort sikt	Skader mellom 50 000 – 500 000
Ufarleg	1	Ingen eller små personskader.	Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø	Skader for inntil 50 000

Tabell 2: Klassifisering av konsekvens

RISIKOMATRISJE					
SANNSYNNLEG	S5				
	S4				
	S3				
	S2				
	S1				
		K1	K2	K3	K4
KONSEKVENNS					

Tabell 3: Risikomatrise for liv og helse

	Medfører uakseptabel risiko. Det skal utførast meir detaljert ROS-analyser for å eventuelt avkrefte risiko eller avklare om risikoreduserande tiltak kan gjennomførast
	ALARP-sone, dvs tiltak kan gjennomførast for å redusere risikoen. Detaljert ROS-analyse. Det vil vere naturleg å legge ein kost / nytte analyse til grunn for vurdering av fleire risikoreduserande tiltak.
	I utgangspunktet akseptabel risiko, men fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar

Tabell 4: Akseptkriteria nytta i risiko- og sårbarheitsanalysen.

8.9.1 Registrering

Naturbasert risiko og sårbarheit				
Uønska hending/ forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
	Menneske	Miljø	Økonomi	
Ekstremvær www.met.no / www.nve.no				
Sterk vind				I ”appendiks til rapport nummer KVT/ØB/2009/038” (Kjeller Vindteknikk, NVE)- vindkart for Norge, er planområdet vist med årsmiddelvind i 50 meters høgde på 5,5-6,0 m/s. Sterk vind fører sjeldan til skade på menneske, men kan medføre skog og bygningsskadar. Skadar som oppstår er gjerne som fylgje av lausrivne bygningselement og rotvelt av skog. Planområdet er ikkje vurdert som særleg utsatt for sterk vind.
Store nedbørmengder				I rapporten ”Hydrological projections for floods in Norway under a future climate” (Lawrence og Hisdal 2011, NVE rapport 5-2011) går det fram at på Vestlandet vil vassføringa i ein 200 års flom sannsynleg auke med meir enn 20% dei neste 100 åra. Store nedbørmengder kan medføre flaum og utløyising av skred. Planområdet er ikkje vurdert som særleg utsatt for store nedbørmengder.
Store snømengder				Området ligg i ein oseanisk sone med milde vintrar. Store snømengder er vurdert å ikkje medføre risiko for planforslaget.
Flaumfare www.nve.no				
Flaum i elvar / bekkar				Det er ikkje bekkar eller elvar innanfor planområdet som vil medføre risiko for flaum i planområdet.
Flaum i vassdrag/ innsjøar				Det er ikkje vassdrag eller innsjøar i eller rundt planområdet som vil medføre risiko for flaum i planområdet.
Overvasshandtering				Overvatn vil bli ført til sjø.
Springflo / stormflo			X	I rapport ”Havnivåstigning, Estimerer av framtidige havnivåstigning i norske kystkommuner” (Klimatilpassing, 2009) er 100 års stormflo for Masfjorden oppgitt til å vere 243 cm over middelasstand.
Historisk flomnivå				Ikkje registrert
Skredfare www.skrednett.no / www.nve.no				
Kvikkleireskred				Planområdet ligg under maringrense. Det er i databasen skrednett ikkje registrert aktsemdsområde for kvikkleire innanfor planområdet.
Lausmasseskred				Planområdet er i skrednett sin database ikkje angitt som aktsemdsområde for lausmasseskred. Det er ikkje skråningar som er vurdert som utløyisingssområde eller utlaupsområde for lausmasseskred i eller rundt planområdet.
Is – og snøskred				Planområdet er i skredenett sin database ikkje registrert som aktsemdsområde for is- og snøskred. Det er ikkje skråningar i eller rundt planområdet som er vurdert som utløyisingssområde eller utlaupsområde for snøskred.
Fjellskred, steinsprang				Planområdet er i skrednett sin database ikkje registrert som aktsemdsområde for fjellskred eller steinsprang. Det er ikkje skråningar som er vurdert som utløyisingssområde eller utlaupsområde for steinsprang i eller rundt planområdet.
Historiske hendingar				Det er ikkje registrert historiske skredhendingar i planområdet.
Andre uønska hendingar www.dsb.no / www.ngu.no				
Skog- og vegetasjonsbrann		X	X	Det er ikkje registrert skogbrannar i Masfjorden kommune i perioden 2003-2012. Planområdet grensar til større skogsområde i nordvest.
Jordskjelv				Jordskjelvfaren i Noreg er moderat. Det er berre registrert nokre få historiske jordskjelv som har gitt skadeverknader på bygningar og infrastruktur.

Verksemdsbasert risiko og sårbarheit				
Uønska hending/ forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
	Menneske	Miljø	Økonomi	
Brann/eksplosjon www.dsb.no				
Brannfare				Det er ikkje planlagt særskilte brannobjekt i planområdet. Planområdet grensar ikkje til sårbare bygg.
Eksplisjonsfare				Det er ikkje planlagt tiltak som medfører eksplisjonsfare i planområdet.
Energitransport				
Høgspnt				Det er ikkje høgspntliner i planområdet.
Gass				Det er ikkje infrastruktur for gass i planområdet.
Forureina vatn www.klif.no				
Drikkevasskjelde				Planområdet har ikkje avrenning mot klausulerte drikkevasskjelder.
Nedbørsfelt				Nedslagsfeltet går til sjø. Overvatn frå planområde vert vurdert som reint.
Kjemikalieutslepp		X		Utviding av eksisterande småbåthamn medfører auka risiko for utslepp til sjø.
Forureining – grunn www.sft.no				
Kjemikalieutslepp				Det er ikkje registrert grunnforureining i planområdet.
Forureining - luft				
Støv/partiklar/røyk				Det er ikkje registrert utslepp av støv, partiklar og røyk frå verksemdar i eller rundt planområdet.
Støy				Det er ikkje planlagt nye verksemdar som medfører auka støy i planområdet.

Risiko og sårbarheit knytt til infrastruktur				
Uønska hending/ forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
	Menneske	Miljø	Økonomi	
Trafikkfare www.vegvesen.no				
Trafikkulykker på veg				Planområdet har avkjøring frå kommunal veg Areklettvegen. Avkjøringa ligg omlag 0,7 km frå Fv 570 Fensfjordvegen. Fv 570 er registrert med ÅDT på 800 (2014). Fartsgrensa er 80 km/t. Det er mellom Hosteland sentrum og Skogedalen registrert 4 trafikkulykker. Dette er to ulykker med lettare skadd person, ei ulykke med alvorleg skadd person og ei dødsulykke. Ulykkene er registrert mellom 1984 og 2005. Av registrerte ulykker er det ei møteulykke. Resten av ulykkene er utforkjøring av einsleg kjøretøy. Krysset mellom Areklettvegen og Fv 570 er utforma som T-kryss. Planforslaget er ikkje vurdert å medføre auka risiko for trafikkulykker.
Forureining				
Støv/partiklar				Lokalisering og avstand til overordna vegnett tilseier

				at planområdet ikkje er utsett for luftforureining frå trafikk.
Støy				Lokalisering og avstand til overordna vegnett tilseier at planområdet ikkje er utsett for støy frå vegtrafikk.
Utslepp/ kjemikalier				Planområdet er ikkje vurdert som utsett for ulykker med farlig gods.
Ulukker på andre transportårer www.kystverket.no/				
Sjø	X		X	Planområdet grensar til sjø, og planforslaget opnar for fleire båtar i området. Dette kan føre til økt sannsyn for ulykker til sjø.
Luft				Næraste hovudflyplass er Flesland Flyplass. Det er ikkje planlagt tiltak som vil kome i konflikt med flytrafikk, og området er ikkje vurdert som utsett for luftfartsulukker.
Bane				Det er ikkje trafikk på bane i planområdet.
Beredskap www.dsb.no				
Brann				Næraste lokale brannstasjon ligg på Duesund. Området er vurdert som godt dekkja av brannvernstenesta.
Ambulanse				Ambulanse er lokalisert i Knarvik og Gulen. Området er vurdert som godt dekkja av ambulansetenesta.

8.9.2 Risiko- og sårbarheits analyse

1. Skildring av analyseobjekt			
Spring-/ stormflo			
2. Kartlegging av moglege hendingar/potensiell fare			
I rapport "Havnivåstigning, Estimer av framtidige havnivåstigning i norske kystkommuner" (Klimatilpasning, 2009) er 100 års stormflo for Masfjorden oppgitt til å vere 243 cm over middelasstand. Planområdet grensar til sjø. Området har lågareliggjande områder under kote +3. Naust skal ihht. TEK10 ha største årlege nominelle sannsyn for flom 1/20 og ligg i sikkerheitsklasse S1. Denne sikkerheitsklassen gjeld tiltak der spring- stormflo vil få liten konsekvens Planlagde naust, båthus/servicehus/forsamlingslokale og kaianlegg ligg med grunnplanet under kote +3. Naust nær strandsona må dimensjonera for å tole påkjenninga ved spring-/ stormflo. Tilsvarende gjeld grunnplanet i planlagt båthus/servicehus der det er planlagt forsamlingslokale i 2. etasje.			
3. Vurdering av sannsyn		4. Vurdering av konsekvens	
Sannsyn for skade på materielle verdiar vert vurdert til: Sannsynleg – «Ei hending pr 10 – 100 år»		Konsekvensen for skade på materielle verdiar vert vurdert til: Ufarleg «Skadar for inntil 50 000»	
5. Berekne risiko			
	Liv og helse	Ytre miljø	Materielle verdiar
Sannsyn	S3	S3	S3
Konsekvens	K1	K1	K1
Forhold til akseptkriteria			
6. Vurdere risikoreducerande tiltak			
<ul style="list-style-type: none"> - Tilpassing av planlagde bygg slik at dei toler påkjenninga ved spring-/ stormflo. - Unngå oppbevaring av utstyr o.a. som ikkje toler påkjenninga ved spring- / stormflo. 			

7. Skildring av analyseobjekt			
Skogbrann			
8. Kartlegging av moglege hendingar/potensiell fare			
<p>Det er til dels tett samanhengande skog nord og vest for planområdet. Skog i og rundt planområdet er hovudsakleg eldre skog 41-80 år og gammal skog >81 år. Skogen er hovudsakeleg furudominert. Lausmassane i planområdet er beståande av bart fjell med stadvis tynt lausmassedekke.</p> <p>Årsaka til skogbrannar er hovudsakeleg menneskeleg aktivitet. Skader ved skogbrann vil kunne vere skogskade, miljøskaade og skadar på bygningar og anlegg. Den mest utsette vegetasjonstypen er barskog, og då spesielt ung furu i skrånande terreng på skrint jordsmonn. Lauvskog har liten risiko for skogbrann.</p> <p>Det er i planforslaget ikkje lagt til rette for aktivitetar som medfører auka brannfare, eller som er særskilt utsette ved skogbrann. Næraste brannstasjon ligg på Duesund omlag 7,3 km frå planområdet.</p>			
9. Vurdering av sannsyn		10. Vurdering av konsekvens	
Sannsynet for skogbrann med risiko for ytre miljø og materielle verdiar vert vurdert til mindre sannsynleg - Ei hending pr 100 – 1000 år		Konsekvensen av for skogbrann med risiko for ytre miljø og materielle verdiar vert vurdert til ein viss fare. Mindre skader på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort sikt og skader mellom kr 50 000 – 500 000,-	
11. Berekne risiko			
	Liv og helse	Ytre miljø	Materielle verdiar
Sannsyn		S2	S2
Konsekvens		K2	K2
Forhold til akseptkriteria			
12. Vurdere risikoreduserande tiltak			
- Opplysning om det generelle forbodet om bruk av open eld i tidsrommet 15.04 – 15.09.			

1. Skildring av analyseobjekt			
Utslepp til sjø			
2. Kartlegging av moglege hendingar/potensiell fare			
<p>Utvinding av eksisterande småbåthamn medfører auka risiko for utslepp til sjø. Botnstoff, utslepp av drivstoff og smøreoljer m.m. kan medføre forureining i sjø i samband med småbåthamner. Dei fleste småbåtar har avgrensa mengd drivstoff og smøreoljer om bord. Ulykker i småbåthamna kan likevel medføre utslepp av forureining til sjø. Utslepp frå småbåthamna er utelukkande knytt til menneskeleg aktivitet og kan reduserast med informasjon og god tilrettelegging. Med tilrettelegging for felles båthus/servicehus vil delar av vedlikehaldet kunne skje innandørs.</p>			
3. Vurdering av årsak og sannsyn		4. Vurdering av konsekvens	
Sannsynet for risiko for ytre miljø vert vurdert til: Sannsynleg – «Ei hending pr 10 – 100 år»		Konsekvens for ytre miljø vert vurdert til: Ein viss fare – «Mindre skader på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort sikt»	
5. Berekne risiko			
	Liv og helse	Ytre miljø	Materielle verdiar
Sannsyn	S3	S3	S3
Konsekvens	K1	K2	K1
Forhold til akseptkriteria			
6. Vurdere risikoreduserande tiltak			
<ul style="list-style-type: none"> - Utarbeiding av miljøplan med krav til avfallshandtering, bruk av vatn/spyling og bruk av miljøvennlege produkt. - Etablering av fast dekke på spyleplassar o.l. - Oppsamlingskummar/sandfangskumm for spyleplassar og areal for drivstoff påfylling. - Sikker oppbevaring og avfallshandtering for farleg avfall. - Tilgang på lense-/opsamlingsutstyr ved større utslepp 			

1. Skildring av analyseobjekt			
Ulykker på sjø			
2. Kartlegging av moglege hendingar/potensiell fare			
Planforslaget legg til rette for utviding av småbåthamnanlegget. Auka trafikk på sjø og auka aktivitet ved sjø medfører auka risiko for ulykker. Ulykker på sjø kan verta forårsaka av kollisjon mellom større skip og store skip og mindre båtar. Brann, eksplosjon eller svært dårlege vêrforhold, teknisk eller menneskeleg svikt kan vere ein medverkande årsak til at ulykker på sjø kan oppstå. Stadig aukande bruk av fritidsbåtar og andre mindre båtar medfører aukande risiko for at alvorlege ulykker kan oppstå på sjø. Ulykker og havari med fritidsbåtar og andre mindre båtar skjer årleg. Sikkerheita til sjøtransport vert ivareteke av Sjøfartsdirektoratet, trafikksentral, lostenesta, slepebåtberedskap, Hovudredningssentralen, skjerpa krav til sertifisering av båtførarar, bruk av flytevest og skjerpa reglar for bruk av alkohol og andre rusmiddel.			
3. Vurdering av sannsyn		4. Vurdering av konsekvens	
Sannsynet for ulykker på sjø med risiko for liv og helse vert vurdert til sannsynleg - Ei hending pr 10 – 100 år.		Konsekvensen av ei ulykka til sjø med risiko for liv og helse vert vurdert til alvorlig – Inntil 4 alvorleg personskadar, eller mange mindre personskadar, men med sjukefråver. Vesentlege helseplager og ubehag.	
5. Berekne risiko			
	Liv og helse	Ytre miljø	Materielle verdiar
Sannsyn	S3		S3
Konsekvens	K3		K2
Forhold til akseptkriteria			
6. Vurdere risikoreducerande tiltak			
<ul style="list-style-type: none"> - Opplysning om bruk av sikkerheitsutstyr og sikker ferdsel på og langs sjø. - Tilstreккеleg merking og belysning av småbåthamna. - Synleg merking av skjær 			

9 Merknader

9.1 Varsel om oppstart av planarbeid

Det har til varsel om oppstart av detaljregulering blitt mottatt 6 offentlege og 1 privat merknad.

Private merknader:

Nr.	Avsendar	Dato
1.	Odd Henning Midtbø	21.12.2016

Offentlige merknader:

Nr.	Avsendar	Dato
2.	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)	09.12.2016
3.	Fylkesmannen i Hordaland	16.12.2016
4.	Statens vegvesen	30.11.2016
5.	Kystverket	06.12.2016
6.	Fiskarlaget vest	22.12.2016
7.	BKK	16.12.2016

9.1.1 Samandrag av private merknader

Nr.	Avsendar	Odd Henning Midtbø
1.	Adresse/postnr. stad	Yndedalsvegen 51 / 5986 Hosteland
	Datert	21.12.2016
	Samandrag av merknad	<p>a) Notholmen høyrer til gnr. 14 og er sameige for bnr. 5, 6, 7 og 8. Tilsendt kart viser plangrensa heilt inntil Notholmen. Plangrensa bør teiknast inn i midtlina mellom Notholmen og fastlandet i Skjelsundet.</p> <p>b) Ber om at mønehøgda på nye naust held seg til kommuneplanens arealdel 2012-20124 – føresegner okt. 1.6 og 1.8.</p> <p>c) Ønskjer eit felles møte for å diskutere kva planar og moglegheiter området har. Dette vil vere eit gode for alle som har nytte av området.</p>
	Kommentar til merknad	<p>a) <i>Plangrensa følgjer same plangrense som vedtatt reguleringsplan for Skjelsundet naustområde.</i></p> <p>b) <i>Teken til orientering. Eksisterande regulerte naust som ikkje er oppført og nye naust er i reguleringsføresegnene gitt ei maksimal byggehøgde på 5,5 meter.</i></p> <p>c) <i>Teken til orientering. I samband med offentleg ettersyn av planforslaget vil det bli vurdert om det skal gjennomførast eit felles møte.</i></p>

9.1.2 Samandrag av offentlege merknader

Nr.	Etat /avsendar	Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
2.	Adresse/postnr. stad	Postboks 53, 5801 Førde
	Datert	09.12.2016
	Samandrag av merknad	a) NVE har ingen innspel til planarbeidet
	Kommentar til merknad	a) <i>Teken til orientering</i>
Nr.	Etat /avsendar	Fylkesmannen i Hordaland
3.	Adresse/postnr. stad	Postboks 7310 / 5020 Bergen
	Datert	16.12.2016
	Samandrag av merknad	<p>a) Vedtatt plan er frå 2007. Regelverket har sidan blitt skjerpa inn og krav til reguleringsplanar har gjennomgått vesentlege endringar. Føresegnar om forbod mot bygging og andre tiltak i 100- meters beltet er klargjort og stramma inn. For utfylling, endring og oppheving av reguleringsplan gjeld same lovkrav som for utarbeiding av ny plan. Jf. pbl. §12-14.</p> <p>b) I samsvar med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging av 2015, vil Fylkesmannen tidleg i planprosessen varsle at vern av strandsona er ei nasjonalt viktig interesse som må ivaretakast i planarbeidet. I 100- meters beltet langs sjø skal det særleg takast omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Dette rettskravet er gjeldande sjølv for areal regulert til byggeområde.</p> <p>c) Fylkesmannen legg til grunn at fortetting av naust skal skje i eksisterande naustområde jf. oppstartsmeldinga. Det er likevel ikkje klart kor det er plass til desse nausteingane. Fylkesmannen vil derfor presisere at regulert friluftsområde må ligge uendra, då dette er utgjør ein viktig, naturleg buffer mot sundet og småbåtrafikken.</p> <p>d) Fylkesmannen legg til grunn at det er naust som er bygd og som skal byggast. Naust er bygningar i strandsona som vert nytta til oppbevaring av reiksapar, utstyr, båtar og anna.</p> <p>e) Reguleringsføresegnene må sikre ei forsvarleg og presis styring med utforming av bruk av areal og bygningar i samsvar med reguleringsføreemålet. Ved tett utbygging bør det leggst opp til variasjon i bygningsmiljøet. Omsyn til ålmenn rekreasjon og ferdsel må sikrast og naust må få eit volum og ei utforming som er naturleg i høvet den trong nausta skal sette. Ved å halde både tomtestorleik og storleiken på nausta nede, vil naustområda legge beslag på mindre areal i strandsona. Fylkesmannen sitt syn på bygningsstorleik har ikkje endra seg og det vert tilrådd 40 m² for naust og 120 m² for servicebygg/båthus.</p> <p>f) Gjeldande reguleringsplan vart vedteken med differensiert nauststorleik på inntil 50 m². Etter det Fylkesmannen kan sjå er det oppført naust etter denne planen med fotavtrykk inntil 100 m². Fylkesmannen kjenner ikkje til at det er gjeve løyve til naust med slik storleik, og minner om at kommunen har plikt til å forfølge eventuelle ulovlege tiltak.</p> <p>g) Fylkesmannen gjev si tilslutning til fellesløyningar som felles båthamn. Dersom kommunen kan tilby gode fellesanlegg for båtar, vil det kunne demme opp for byggepresset når det gjeld naust. Ved oppføring av båthamna må det dokumenterast kvar vedlikehald av båtar og utstyr skal gjennomførast, og at verksemda ikkje ureinar omgjevnadane på noko vis.</p> <p>h) Fylkesmannen rår til å ta i bruk rettleiaren «Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland» frå 2007 i det vidare planarbeidet.</p> <p>i) Fylkesmannen minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen får for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet.</p> <p>j) Det er krav til utarbeiding av ros- analyse og at analysen har akseptkriterier ihht. TEK 10.</p>

	Kommentar til merknad	<p>a) <i>Teken til orientering. Planforslaget vert utarbeidd ihht. krava i pbl. 12-14.</i></p> <p>b) <i>Teken til orientering. Det er i planomtalen gjort greie for planforslaget sine konsekvensar og forholdet til natur- og kulturminne, friluftsliv og landskap og andre ålmenne interesser.</i></p> <p>c) <i>Byggeområde er i mindre grad justert i forhold til det regulerte friluftsområdet. Dette er skildra under pkt. 8.2 og 8.3 i planomtalen.</i></p> <p>d) <i>Planframlegget gjeld oppføring av naust. Naust er nærare definert i føresegnene i tråd med definisjon i Strandsonerettleiaren.</i></p> <p>e) <i>Kva bruk som er tillat i naust og båthus/småbåthamn er omtalt i føresegnene, pkt 2.1.3 og 2.2.2. For nye naust er storleiken sett til 40 m2 og mønehøgde 5,5 meter. For eksisterande naust er storleiken sett i samsvar med godkjente byggeløyver. Bakgrunnen for ønska storleik på båthuset/forsamlingslokale er gjort greie for i pkt. 7.2 og dei landskapsmessige verknadane er illustrert og omtalt i pkt. 8.2.</i></p> <p>f) <i>Eksisterande naust er oppført i tråd med godkjent byggeløyve.</i></p> <p>g) <i>Det er sett krav til utarbeiding av ein miljøplan for miljøforsvarleg drift og vedlikehald av småbåthamna. Denne skal godkjennast av kommunen før småbåthamna kan utvidast. Miljøplanen vil mellom anna omtale kvar vedlikehald av båtar kan gjerast og handtering av farleg avfall.</i></p> <p>h) <i>Teken til orientering.</i></p> <p>i) <i>Planarbeidet er vurdert etter §§ 8-12 i Naturmangfaldlova, jf pkt 8.7 i planomtalen.</i></p> <p>j) <i>ROS-analyse er gjennomført, jf pkt 8.9 i planomtalen.</i></p>
Nr.	Etat /avsender	Statens vegvesen
4.	Adresse/postnr. stad	Askedalen 4, 6863 Leikanger
	Datert	30.11.2016
	Samandrag av merknad	<p>a) Planområdet har tilkomst frå Areklettvegen som fører til Fv 570 lenger nord. Da området har tilkomst frå kommunal veg er det Masfjorden kommune som skal sjå til at veggen har tilfredsstillande trafikktryggleik for alle grupper av trafikantar. Statens vegvesen vurderer at krysset mellom kommunal veg og Fv 570 er utforma på ein måte som vil kunne handtere auken i biltrafikk på staden.</p>
	Kommentar til merknad	a) <i>Teken til orientering</i>
Nr.	Etat /avsender	Kystverket
5.	Adresse/postnr. stad	Postboks 1502, 6025 Ålesund
	Datert	06.12.2016
	Samandrag av merknad	<p>a) Kystverket kan ikkje sjå at planendringa vil ha noko særleg negativ verknad på framkomelegheit eller sikkerheit i sjøområda. Kystverket minner om at alle tiltak i sjø er søknadspliktige etter hamne- og farvasslova og at dette bør kome fram i føresegnene.</p>
	Kommentar til merknad	a) <i>Teken til orientering</i>
Nr.	Etat /avsender	Fiskarlaget vest v/ Britt Sæle Instebø
6.	Adresse/postnr. stad	Slottsgaten 3 / 5003 Bergen
	Datert	22.12.2016
	Samandrag av merknad	<p>a) Fiskarlaget vil opplyse om at områder som vert nytta til fiskeri vert pressa frå mange ulike hald, t.d. oppdrett, vindmøller, reguleringsplanar i sjø, ankring/verksemder i sjø, avlaupsleidningar, kablar og friluftsiinteresser i sjø. Mange små prosjekt tek bit for bit av fiskeriinteressene. Ein vil gjere merksam på at kommunen har et spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i slike samanhengar.</p> <p>b) Fiskarlaget viser til kart frå Fiskeridirektoratet at det er registrert gytefelt i/ved planområdet. Fiskarlaget viser til rapportar om forureining frå småbåthamner.</p>

		<p>c) Fiskarlaget føreset at området blir avgrensa mest mogleg, samt at fortøyingar til flytebrygga blir kortast mogleg, og kjem innanfor reguleringsområdet. Det må leggest ved ein fortøyingsplan når ein får slike søknader til vurdering. Arbeid i sjø bør ikkje gå føre seg i gyteperioden på vinteren.</p> <p>d) Fiskarlaget har ikkje andre merknader til planen under føresetnad av at den ikkje kjem til hinder for bruk av fiskeområdet i nærleiken.</p>
	Kommentar til merknad	<p>a) <i>Teken til orientering.</i></p> <p>b) <i>Det er sett krav som ut utarbeiding av ein miljøplan for miljøforsvarleg drift og vedlikehald av småbåthamna. Denne skal godkjennast av kommunen før småbåthamna kan utvidast.</i></p> <p>c) <i>Løysing for fortøyning er ikkje avklart. Dette vil bli gjort ved detaljutforming av båthamna.</i></p> <p>d) <i>Utvidinga av småbåthamna skjer innanfor tidlegare regulert område for småbåthamn og vil påverke bruken av fiskeområdet i nærleiken.</i></p>
Nr.	Etat /avsendar	BKK Nett AS
7.	Adresse/postnr. stad	Postboks 7050 / 0520 Bergen
	Datert	16.12.2016
	Samandrag av merknad	<p>a) BKK Nett AS har elektriske anlegg i det aktuelle området. Det må ikkje gjennomførast tiltak som medfører redusert tilkomst til BKK sine anlegg. Det må heller ikkje gjerast terrenginngrep som medfører endring av overdekninga over kablar eller oppfylling av terrenget som medfører redusert høgde til luftleidningsanlegg.</p> <p>b) Gjer merksam på at spenningsnivået for leidningsanlegg ikkje skal påførast planen. Kraftleidningar skal på kart ha ei heilskapleg utforming</p>
	Kommentar til merknad	<p>a) <i>Teken til orientering.</i></p> <p>b) <i>Teken til orientering.</i></p>


10 Vedlegg

10.1 Plankart datert 26.01.2017

10.2 Reguleringsføresegner datert 26.01.2017

10.3 Illustrasjonsplan datert 26.01.2017

10.4 Perspektiv datert 22.12.2016



TEGNFORKLARING

Plankart 1 av 1

SOSI ver. 4.5

AREALFORMÅL (PBL §12-5)

BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL §12-5 nr. 1)

BUN Uthus/naust/badehus (1589)

BAS Annen særskilt angitt bebyggelse og anlegg (1590)

SAMFERDSLSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5 nr. 2)

SV Veg (2010)

SVG Annan veggrunn - grøntareal (2019)

SK Kai (2041)

LANDSBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDER (PBL §12-5 nr. 5)

LF Friluftsmål (5130)

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL §12-5 nr. 6)

VFE Ferdsel (6100)

VS Småbåthamn (6230)

OMSYNSSONER (PBL §12-6 JF. §11-8)

SIKRINGS-, STØY- OG FARESONER (PBL §11-8 a. 1-3)

Frisktzone (140)

JURIDISKE TEKSTAR, LINJE- OG PUNKTSYMBOL (JF. REGULERINGSFØRESEGNE)

Illustrasjon av planens avgrensning (vist 1m utanfor juridisk plangrense, 1201)
1201 sammenfall med 1202

Formålsgrænse (1202)

Eigedomsgrænse som vert oppheva (1204)

Byggegrænse (1211)

Regulert senterlinje (1211)

Frisiktlinje (1222)

Regulert høgde (RpRegulertHøyde)

Føresegsområde

Bygg som inngår i planen (1214)

Måle- og avstandslinje(1259)

Regulert byggehøgde(RpPaskrift)

REG.EIERFORM (PBL §12-7 nr. 14)

Offentleg arealformål

Felles arealformål

BASISKART

Eigedomsgrænse

Eksisterande bygg

Geodetisk grunnlag: UTM32_Euref 89

Geodetisk høgdegrunnlag: NN1954

Siste uttaksdato basiskart: 26.10.16

Ekvidistans: 1m

Kartmålestokk: 1:1000 ved arkformat A2

0 25 50m



Reguleringsplan, detaljregulering for:

jf. plan- og bygningslovens (pbl) kap.12

MASFJORDEN KOMMUNE. Gnr. 5, bnr. 70 mfl.

Skjelsundet naustområde

Nasjonal arealplan-ID 1266_20160003

Sakshandsaming i følge plan- og bygningslova

Saksgong	Dato	Plankart datert	Føresegner datert
Planoppstart kunngjort	21.11.16		
Vedtak, offentlig ettersyn	dd.mm.åå - dd.mm.åå	dd.mm.åå	dd.mm.åå
Offentleg ettersyn, fra - til	dd.mm.åå	dd.mm.åå	dd.mm.åå
Kommunestyrets vedtak	dd.mm.åå	dd.mm.åå	dd.mm.åå
Planvedtak kunngjort	dd.mm.åå	dd.mm.åå	dd.mm.åå

(Kommunelogoen legges inn her etter planvedtak)

Forslagsstiller:

Utarbeidd av:

QBO
PLAN & ARKITEKTUR

Saksnummer: @@@@@@@@

Siste revisjonsdato plankart: 26.01.17

Det bekreftes at plankartet er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak:



Statens vegvesen

Masfjorden kommune
Postboks 23
5981 MASFJORDNES

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:
16/179372-6

Dykkar referanse:
16/899 – 17/1593

Vår dato:
20.03.2017

Uttale – Offentleg ettersyn – Reguleringsplan for Skjelsundet naustområde – Masfjorden kommune

Vi viser til brev i frå Masfjorden kommune av 07.03.17, med ovannemnde plan lagt ut til offentlig ettersyn.

Reguleringsplanen for Skjelsundet naustområde har som intensjon å naturleg nok leggje til rette for etablering av nausttomter. Det eksisterer tomter med påståande naust i dag. Planen legg soleis opp til utviding av eksisterande bruk, i alt 29 nausttomter. Området grensar til, og har tilkomst til offentlig veg via kommunal veg på staden. Det er soleis Masfjorden kommune som skal ivareta trafikktryggleiken og effektiv ferdsle på denne vegen. Statens vegvesen vurderer at krysset på Fv 570, om lag 1,5 km mot nord på noverande tidspunkt vil kunne handtere den auka i trafikken som naustområdet vil kunne generere i framtida.

Plan- og forvaltningsseksjon, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Bødal Sigmund
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi : Hordaland fylkeskommune

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø

Fra: Einestrand Jon Egil <Jon-Egil.Einestrand@bkk.no>
Sendt: 19. april 2017 16:24
Til: Post Masfjorden kommune
Emne: Merknad Reguleringsplan Skjelsundet naustområde - Offentleg ettersyn

Hei

Vedkjem Reguleringsplan for Skjelsundet naustområde – Offentleg ettersyn ref: 16/899 - 17/1593

Viser til tidlegare BKK merknad sendt inn i denne saka til abo- Plan & Arkitektur.
Brev med ref. nummer 11783229 datert 16.12.16

Merknad er registrert i saka, sjå tabell under.

Nr.	Etat /avsendar	BKK Nett AS
7.	Adresse/postnr.	Postboks 7050 / 0520 Bergen
	Datert	16.12.2016
	Samandrag av merknad	a) BKK Nett AS har elektriske anlegg i det aktuelle området. Det må ikkje gjennomførast tiltak som medfører redusert tilkomst til BKK sine anlegg. Det må heller ikkje gjerast terrenginngrep som medfører endring av overdekninga over kablar eller oppfylling av terrenget som medfører redusert høgde til luftleidningsanlegg.
	Kommentar til merknad	a) <i>Teken til orientering.</i>

Ynskjer at følgjande tekst vert teke med i tillegg under «samandrag av offentlege merknader»

Ref punkt 2.3 i dokument 11783229

«Det må tas spesielt hensyn til eksisterende sjøkabel med tanke på ankring av båter, brygger etc.»

Venleg helsing

Jon Egil Einestrand
spesialrådgjevar nettutvikling

BKK Nett AS | Postboks 7050, 5020 Bergen | M: +47 95163868 | www.bkk.no
Følg BKK på [Twitter](#) | [Facebook](#) | [Instagram](#) | [LinkedIn](#) | [YouTube](#)

This e-mail and any attachments may contain confidential and privileged information. If you are not the intended recipient, please notify the sender immediately by return e-mail, delete this e-mail and destroy any copies. Any dissemination or use of this information by a person other than the intended recipient is unauthorized and may be illegal.



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Masfjorden - gnr 5 bnr 70 m fl - detaljregulering Skjelsundet naustområde

Vi viser til oversending av forslag til detaljregulering for Skjelsundet naustområde med frist til 25.04.2017 for å koma med uttale til det offentlege ettersynet.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for 9 nye naust innanfor eksisterande naustområde som er regulert for 20 naust (Skjelsundet naustområde frå 15.12.2005) I tillegg ønskjer ein å auka storleik på regulert båthus/forsamlingslokale, justere båtopptrekket, etablere ny kai og utvide regulert småbåthamn. Det er også ønskje om mindre justeringar i plasseringa av regulerte naust.

I arealdel av kommuneplanen for Masfjorden er det aktuelle arealet vist med formål byggeområde.

Fylkesmannen sine merknader

I uttalen til oppstart skreiv vi m.a. at:

Vi legg til grunn at fortetting av naust skal skje i eksisterande naustområde, jf. oppstartsmeldinga der det står «8-10 nye naust innanfor området». Det er likevel ikkje klart kor det er plass til desse nausteiningane. Vi vil difor presisere at regulert friluftsområde må liggje uendra, då dette utgjer ein viktig, naturleg buffer mot sundet og småbåttrafikken.

I planforslaget er det tidlegare regulerte friområdet vorte innskrenka, og naustområdet utvida. For best å kunne ta vare på attverande strandsonekvalitetar og landskapet bør naustområdet reduserast i sør slik at ein unngår å gjera inngrep i den øvste delen av haugen mot Skjelsundet. Slik kan ein sikra at den grøne bufferen mot sjø og ferdselsleia får verka etter intensjonen i tidlegare planarbeid.

Det er sett av eit stort areal til småbåthamn i planområdet utan at det er vist kor flytebrygger skal plasserast, eller kor mange flytebrygger som er tenkt utplassert. Det er heller ikkje gitt tal på båtplassar i føresegnene. Det gir etter Fylkesmannen si vurdering lita styring med arealbruken i dette området. Med ei for sterk utbygging vil ein også kunne få konfliktar med ferdselsinteresser i området. For å sikra ferdselsinteressene bør det såleis setjast tal på båtplassar og plassering av flytebrygger bør visast på plankartet, samt at areal for småbåthamn bør reduserast i storleik. Ferdsel på innsida av Notholmen bør sikrast i planen.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Laila Pedersen Kaland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen



Høringsuttalelse (KF-118)

Referansenummer: V7Q7XR

Registrert dato: 23.04.2017 16:32:08

Vedlegg:

Skjelsund regplan 2005.jpg


Skjelsund regplan.jpg

Skjelsund.doc

Skjelsund 1 til 1000.jpg

Innledning	
Uttalelsen gis <input checked="" type="radio"/> Personlig	
Opplysninger om innsender	
Fornavn Ivar	
Etternavn Duesund	
Adresse Kjelånæ 85	
Postnummer 5264	Poststed GARNES
Telefon	
E-post	
Opplysninger om foretak/lag/forening	

Uttalelse
Har du/dere fått tilsendt høringssaken i adressert sending fra kommunen <input checked="" type="radio"/> Ja
Navn på høringssaken Reguleringsplan for Skjelsundet naustområde
Dato på kommunens høringsbrev 08.03.2017
Saksnr./ref.nr. 16/899-17/1621
Uttalelse til saken Reguleringsplanen for Skjelsundet vedteken 15.12.2005 er for garden Risnes gnr 5. Etter mitt syn strekker grensene for planen inn på Hosteland gnr 14 sitt område. Når planen no skal justerast ber eg om at grensene for planen blir justert slik at grensene for planen ikkje kjem inn på Hosteland sitt område. Viser elles til vedlagte brev og kart



Målestokk 1:1000 ved A4 stående utskrift



TEGNFORKLARING

BL. § 25. REGULERINGSFORMAL

1. BYGGOMRÅDER

- BOLIGER
- BOLIGER
- HYTTER
- FORRETNINGER, KONTOR M.V.
- INDUSTRI
- OFFENTLIGE BYGNINGER
- ALMENNYTTIG FORMÅL

2. LANDBRUKSOMRÅDER

- JORDBRUK/SKOGBRUK

3. TRAFIKOMRÅDER (OFFENTLIG)

- KJØREVEG
- GANG- OG SYKKELVEG/FORTAU
- TRAFIKKOMRÅDE I SJØ

4. FRIOMRÅDER

- PARK, TURVEG, LEKEPlass
- IDRETT, BADEPlass

5. FAREOMRÅDER

- FASS/FLOM
- KRAFT LINJE

6. SPESIALOMRÅDER

- FRIOMRÅDE I SJØ
- FRILOFTSOMRÅDE
- NAUST/BÅTOPPLAGSPlass

BL. § 26. ANDRE BESTEMMELSER

- FELLES AVKJØRSEL
- FELLES PARKERINGSPLASS
- FELLES LEKEOMRÅDE
- FELLES GANGVEG

STREKSYMBOLER M.V.

- PLANENS BEGRENSNING
- GRENSE FOR REGULERINGSFORMAL
- BYGGEGRENSE
- TOMTEGRENSE
- GANGSTI

OMRIS AV PLANLAGTE BYGG

OMRIS AV EKISTERENDE BYGG SOM INNGÅR I PLANEN

VANN


dsaa = dekar (1000 m²)

Ekvidistans: 5 M

MÅLESTOKK: 1:2000

0 m 20 100m

NORDPIL




REGULERINGSPLAN. MED REGULERINGSBESTEMMELSER FOR Kartblad:

MASFJORDEN KOMMUNE REGULERINGSPLAN SKJELSUNDET

REVISJONER:

SAKSBEHANDLING IFLG. BYGNINGSLOVEN:	SIGN.
1. GANGS BEHANDLING I BYGNINGSRADET	15.05.03 AKR
UTLEGGING TIL OFFENTLIG ETTERSYN I TIDSPROMMET	
2. GANGS BEHANDLING I BYGNINGSRADET	14.02.05 Aac
EVT. NYTT OFFENTLIG ETTERSYN	
3. GANGS BEHANDLING I BYGNINGSRADET	24.12.03 AKR
KOMMUNESTYRETS VEDTAK	13.12.03 AKR
STADFESTET AV:	25.06.01 AKR
PLANEN UTARBEIDET AV:	
Ing. Bjørnar Vik	
SAK NR.	TEGN. NR.
	SAKSBEH.

Landbruks-, natur og friluftsområder	Friluftsmål	LF	1 966
Bruk og vern av sjø og vassdrag	Ferdsel	VFE	6 007
	Småbåthamn	VS	5 767
SUM			19854



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724,

5981 MASFJORDNES

Merknader til reguleringsplan for Skjelsundet naustområde. Plan-id 1266_20160003

Eg viser til tilsendt reguleringsplan for Skjelsundet naustområde og vil komme med følgjande merknader:

1. Område for plan/grenser.

Eg er klår over at grensene for det regulerte området er vedtatt i planid 126620050004. Då denne planen var ute til høyring, vart ikkje grunneigarane av Notholmen varsla. Vi vart ikkje kjend med planen før den var vedtatt. Det eg reagerar på er at plangrensa går heilt i tanga på Notholmen i sør og også kjem inn på Notholmen sitt område vidare nordover. Eg er klår over at eigedomsgrensene i sjø går ut til 2m djupne på fjære sjø. Det er likevel slik at grunneigar kan disponere området utanfor 2 m grensa til å legge ut for eksempel flytebyggjer eller moringar. Vilåret for dette er at ikkje byggjer eller moringar kjem inn på det arealet naboen disponerer utanfor sin eigedom. (Eg har sett fleire svar frå juristar på dette spørsmålet).

Skjelsundet naustområde tilhøyrer gnr 5, Risnes, medan Notholmen tilhøyrer gnr 14, Hosteland. Det naturleg er at grensa mellom naustområdet og Notholmen går etter midtlina og at grensa for reguleringsplanen føl denne. I sundet i sør overstig ikkje djupna 2m på fjære sjø, så her må grensa gå midt i sundet. Det ser og ut til at på kartet frå 2005 har det gjort endring på grensa, utan at det er tatt inn i planen. Ser vi på grenser mellom kommunane Gulen, Lindås og Masfjorden så føl grensene midlinjene i Fensfjorden.

Eg ber difor om at grensene for reguleringsplanen vert justert slik at dei føl grensa mellom Risnes og Hosteland.

2. Bygningar /høgde på bygningar/flytebyggjer.

Det er tidlegare bygt naust med mønehøgde langt utover det vedtektene til kommunen tilsa. Skal det no byggjast fleire naust + eit båthus, vil ein få sterk fortetting av området. Båthuset/forsamlingshuset vil få ei høgde 3,5 – 4 m over vegbana verte svært dominerande og vil og verte synleg frå utsida av Skjelsundet (Herøyosen). I kommunen sine føresegner for høgde på naust står der at mønehøgda skal vere under 5 m over terreng. Når det gjeld flytebyggene så ser det ut til at den sørlege vil komme mellom 40 – 50 m ut frå land og vil etter det eg har skreve tidlegare, komme inn på Hosteland sitt område. Moringane for denne byggja vil komme utanfor planområdet og heilt i land på Notholmen. På sjøkartet er og seglingsleia teikna inn på vestsida av Notholmen.

3. Fisk/fiske.

Notholmen ber namnet sitt frå at ein i tidlegare tider la til lands på ved bergveggen på vestsida av holmen og drog nøtene på land og la dei til tork på svaberga mot aust.

I vika der naustområdet ligg, var der tidlegare oppvekstområde for flyndre og ål. Ålen reknar eg med er borte, men der er vel nok sandbotn att til at flyndra kan leve her. (Har ikkje fisk i området etter nausta kom opp.) På vestsida av Notholmen er der gog fiskeplass for fiske etter lyr, kvittin og til tider torsk. Med utlegg av flytebrygger og moringar vil det vere uråd å fiske i området

Vedlegg:

1. Kart over området i m: 1:1000 med innteikna grenseline mellom gnr 5 og gnr 14
2. Kart over området frå reg.plan frå 2005.
3. Kart frå høyringplan med innteikna grenser mellom gnr 5 og gnr 14

Ivar Duesund

e-post: Ivar.Duesund@gmail.com

tlf. 55242667/47236257



Høringsuttalelse (KF-118)

Referansenummer: XZTBGV


Registrert dato: 25.04.2017 11:29:07

Vedlegg:

Skjelsundet Naustområde 2.pdf


Innledning	
Uttalelsen gis <input checked="" type="radio"/> Personlig	
Opplysninger om innsender	
Fornavn Willy	
Etternavn Borge	
Adresse Areklettvegen 181	
Postnummer 5986	Poststed HOSTELAND
Telefon 92020199	
E-post wborge@online.no	
Opplysninger om foretak/lag/forening	

Uttalelse
Har du/dere fått tilsendt høringssaken i adressert sending fra kommunen <input checked="" type="radio"/> Ja
Navn på høringssaken Skjelsundet Nøstområde
Dato på kommunens høringsbrev 26.01.2017
Saksnr./ref.nr. 1266_20160003
Uttalelse til saken Behov for en liten landingsbrygge for småbåter midt foran de 5 ferdige nøstene mellom flytebryggene. Dette pga at det blir mye lettere for transport av fiskeutstyr som garn, krabbeteiner etc og eks ved bytte av påhengsmotor etc ved evt problemer på småbåter da en slipper å bære dette på de lange flytebryggene. Kort avstand opp på land. Dette er vanlig på mange havneanlegg langs kysten.



TEGNFORKLARING

- Eksisterande naust
- Tidlegare regulerte naust
- Nye naust
- Båthus/servicehus/forsamlingslokale
- Bygg for service og drivstoff
- Kai / båtopptrekk
- Friområde / grøntareal



Sted: Os
 Dato: 26.01.2017
 Målestokk: 1:1000 (A3)
 Prosj.ansv.: OKD
 Tegnet av: OKD
 Kontrollert av:
 Filnr.:

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Dato: 24.04.2017
Vår ref.: 2016/34409-11
Saksbehandlar: snowaag
Dykkar ref.:

Fråsegn til offentlig ettersyn - reguleringsplan for Skjelsundet naustområde - Masfjorden kommune

Vi viser til brev datert 07.03.2017 om høyring av forslag til detaljregulering for Skjelsundet naustområde. Hovudføremålet med reguleringsendringa er å fortette med 8-10 nye naust innanfor eksisterande planområde, i tillegg til å auka storleik på regulert båthus/servicebygg, justering av båtopptrekk, etablering av kai og utviding av regulert småbåthamn. Tiltak er i hovudsak i tråd med overordna plan. Planendringane er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 22.11.2016 og vårt fråsegn til dette i brev av 19.12.2016.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no

Vurdering

Planfaglege merknader

Til oppstartsmeldinga hadde Hordaland fylkeskommune innspel til interesser knytt til landskap, friluftsliv og strandsone og kulturminne.

Friluftsliv, landskap og strandsone

Som ein del av planområdet er det eit viktig regionalt friluftsområde registrert i kart.ivist.no. Det vert i plandokumentet opplyst at det er eit mykje brukt område for båtutfart. For å ta i vare ferdsleinteresser i området, bør det i planforslag avgrensast kor mange båtplasser ein ønskjer i planområdet. Med bakgrunn i illustrasjonsteikning av den planlagde utbygginga i kapittel 7.2, er det vår vurdering at småbåthamna/flytebyggjene kan kome i konflikt med ferdsel i sundet, og vi meiner den bør reduserast noko i omfang.

I vårt innspel til oppstartsmelding ba vi om at det vart eit særleg fokus på landskapstilpassing. I fråsegn til oppstartsmeldinga undertrekte vi også kvalitetar ved å ivareta det regulerte friområdet, og oppmoda om at ein sørger for gode tilkomstmoeglegheiter til området både i byggjefase og etter ferdigstilling. I planforslaget er friområdet innskrenka på bekostning av utvida naustområde. Dette er ikkje i tråd med vårt innspel om at friområde skal vere tilgjengeleg for ålmenta, og at den planlagde utbygginga ikkje bør verke for privatiserande i strandsona.

Landskapsverdiar og friluftsiinteresser er overlappande i denne plansaken. Om utbygginga vert for omfattande, vil det både redusere landskapskvalitetane og friluftsiinteressene i planområdet. Vi rår difor til at utbyggingsomfanget vert redusert, både på land og i sjøen.

Kulturminne og kulturmiljø

Den varsla endringa inneber ei fortetting av eksisterande reguleringsplan innanfor eksisterande planområde. Hordaland fylkeskommune gav fråsegn til planen 24.08.2005 (vår ref. 200306108-8) der det vart konkludert med at kulturminneinteresser ikkje ville bli påverka.

Saka har også vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering av marine kulturminne. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Skjelsundet gnr. 5, bnr. 70 m.fl. som kan bli direkte råka av reguleringa. Dei har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har difor ingen merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Dei gjer difor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Fylkeskonservatoren har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet og har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld friluftsliv, landskap og kulturminne. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Snorre Waage
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Snorre Waage, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND

Statens vegvesen - Region Vest